

# Kommuneplanen sin arealdel 2024-2036 Bokn kommune

**Vedteke av Kommunestyret i Bokn 24.09.2024**

## Rapport nr 3 - Konsekvensutgreiing og ROS-analyse arealinnspel

**Rapportdato 07.08.2023**

## Innhaldsliste


1 INNLEIING ............ 3

1.1 GROVSILING AV AREALINNSPEL ............ 3

2 SATSINGSOMRÅDE FRÅ SAMFUNNSDELEN I KOMMUNEPLANEN ............ 4

3 METODIKK ............ 4

4 KONSEKVENSUTGREIING OG ROS-ANALYSE INNSPEL TIL NY AREALBRUK ............ 9

4.1 INNSPEL #3, BUSTADOMRÅDE VÅGAHEIA ............ 10
4.2 INNSPEL #10, BUSTADOMRÅDE ØVREBØVÅGEN ............ 13
4.3 INNSPEL #15, LNF-SPREIDD BUSTAD ØVREBØVÅGEN ............ 16
4.4 INNSPEL #16, BUSTADOMRÅDE FLØSUNDOMRÅDET ............ 19
4.5 INNSPEL #18, 22 OG 40, BUSTADOMRÅDE FØRESVIK ............ 22
4.6 INNSPEL #18, 22 OG 40, BUSTADOMRÅDE FØRESVIK, ALTERNATIV LOKALISERING ............ 25
4.7 INNSPEL #41, BUSTADOMRÅDE FØRESVIK ............ 29
4.8 INNSPEL #23, BUSTADOMRÅDE FØRESVIK ............ 32
4.9 INNSPEL #27, BUSTAD-/ NÆRINGSOMRÅDE SÆBØ ............ 35
4.10 INNSPEL #32, FRIOMRÅDE BOKNABERGVATNET ............ 38
4.11 INNSPEL #26, NÆRINGSOMRÅDE TROSNAVÅG ............ 41
4.12 INNSPEL #33, NÆRINGSOMRÅDE OGNØYA ............ 44
4.13 INNSPEL #34, LNF-SPREIDD NÆRING OGNØYA ............ 47
4.14 INNSPEL #39, NÆRINGSOMRÅDE KNARHOLMEN SØR ............ 50
4.15 INNSPEL #35, SMÅBÅTHAMN/BADEPLASS/FRITIDSAKTIVITETAR I SJØ ØYREN ............ 54
4.16 INNSPEL #42, NAUST OG NÆRINGSOMRÅDE ALVESTADKROKEN ............ 58
4.17 INNSPEL #17, AKVAKULTUR OGNØY ............ 61
4.18 INNSPEL #43, AKVAKULTUR FLØSUND SØR/KROHOLMEN ............ 65
4.19 OPPSUMMERING VERKNAD OG TILRÅDING ............ 69

# 1 Innleiing

Bokn kommune har engasjert ABO Plan & Arkitektur for å bistå med utgreiingar knytt til arealinnspel. Føreliggande rapport er knytt til konsekvensutgreiing og ROS-analyse for enkeltinnspel.

Bokn kommune har allereie gjennomført ei grovsiling av mottekne arealinnspel, og areala som her vert konsekvensutgreia er dei areala som kommunen ønskjer å gjennomføre ei meir detaljert utgreiing av. Grovsilinga er gjennomført basert på planprogrammet sine føringar for rullering av kommuneplanen.

Kommuneplanutvalet handsama utkast til konsekvensutgreiing i møte 20.09.2022. Vedtak for kvart enkelt innspel er synt i dokumentet. Alle vedtaka var samrøystes.

## 1.1 Grovsiling av arealinnspel

Det er gjennomført ei grovsiling av alle innspela som er mottek i samband med varsel om oppstart, høyring av planprogram og opning for sende inn ønske om arealendringar til kommuneplanen sin arealdel. Under er dei innspela som ikkje er konsekvensutgreia omtala, og grunngjeve kvifor dei er sila ut i tidleg fase. Grunngjeving for fleire av innspela er at justeringane eller endringane må vurderast som del av reguleringsplan for området. Det betyr at innspelshavar må starte reguleringsplanprosess for å eventuelt realisere ønska arealbruk. Det er ikkje teke stilling i kommuneplanprosessen til om endringane kan tilrådast eller ikkje.

| ID | Arealformål i dag | Ønsket arealformål | Stad | Grunngjeving |
|---|---|---|---|---|
| # 2 | Bustad | Bustad | Vågaheia | Justeringar som kan gjennomførast i reguleringsplansamanheng |
| #4 | Næring | Næring | Knarholmen | Justeringar som kan gjennomførast i reguleringsplansamanheng |
| # 6 | Næring | Næring | Knarholmen NV3 | Justeringar som kan gjennomførast i reguleringsplansamanheng |
| # 7 | Næring | Næring | Knarholmen NV3 | Justeringar som kan gjennomførast i reguleringsplansamanheng |
| # 8 | Bustad | Bustad | Alvestadkroken | Justeringar som kan gjennomførast i reguleringsplansamanheng |
| # 9 | Bustad | Bustad | Alvestadkroken | Justeringar som kan gjennomførast i reguleringsplansamanheng |
| # 10 | Fritid og krav om reguleringsplan | Bustad | Øvrebøvågen | Endring av føremål kan gjennomførast i samanheng med ny reguleringsplan. |
| # 11 | Bustad | Bustad | Alvestadkroken | Justeringar som kan gjennomførast i reguleringsplansamanheng. Areala er utgreia i førre KPA prosess og tilpassa til det som ligg i gjeldande KPA. |
| # 12 | Masseuttak | Fritid | Kroholmen | Fritid er ikkje tema for planrevisjonen |
| # 20 | LNF | Andre typer bebyggelse/anlegg (naust/båtplass) | Are (v/sjøen - Arsvegen) | Naust er ikkje tema for planrevisjonen |
| # 21 | LNF | Andre typer bebyggelse/anlegg (naust/båtplass) | Hognaland | Naust er ikkje tema for planrevisjonen |
| # 24 | LNF | Næringsområde /fritid | Kongshamn | Fritid er ikkje tema for planrevisjonen. Arealet er er utgreia i førre KPA prosess knytt til fritid- og turisme og avslått |
| # 25 | LNF-område, kjerneområde landbruk | Andre typer bebyggelse/anlegg (naust/båtplass) | Litlafjellet / Vågavågen | Naust er ikkje tema for plan-revisjonen. Det er allereie etablert naust på hovudgardsbruket som |



ABO PLAN & ARKITEKTUR

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | innspelet er del av, næringsdelen av innspelet er difor avgrensa. |
| # 27 | Fritid | Næring/Servering/ Rorbu | Føresvik v/Leirgrovvegen | Justeringar som kan gjennomførast i reguleringsplansamanheng |
| # 27 | Offentleg/privat tenesteyting og gjeldande reguleringsplan skal framleis gjelde (Føresvik Sør, 201405). | Bustad | Areal vest for Føresvikvegen | Endring som kan vurderast og gjennomførast i samanheng med omregulering. |

# 2 Satsingsområde frå samfunnsdelen i kommuneplanen

I godkjent samfunnsdel 01.10.2019 er det definert satsingsområde. Arbeidet med samfunnsdelen hadde som siktemål å leita fram det som skil seg ut som særleg viktig å satsa på ut frå eit heilskapssyn. Ei hovudutfordring som snart peika seg ut, var stabilisering og helst auke av folketalet i kommunen. Med dette som bakteppe vert det tydelegare enn på fleire år, at ein lyt intensivere arbeidet med å marknadsføre kommunen, med å skape bulyst hjå dei som allereie bur her, samt leggje til rette for at andre skal ynskje å flytte hit.

Ei samanfatning av arbeidet som er gjort i samband med samfunnsdelen har gitt kommunen følgjande satsingsområde for perioden framover:

1. Bokn kommune prioriterer for befolkningsvekst og bulyst
    - Vi må skapa gode møteplassar
    - Vi må styrkja Føresvik som sentrum
    - Vi må oppretthalde spreidd busetnad i kommunen
    - Vi må nytte strandsona i eit helsebringande og berekraftig perspektiv
    - Vi må ha ein god barnehage og ein god skule
    - Vi må ha tilgang til naturen
    - Vi må marknadsføre kommunen godt
2. Bokn kommune prioriterer for styrka lokalt næringsliv og auka verdiskaping
    - Vi må nytta naturressursane til næringsutvikling
    - Vi må ta i bruk tilgjengelege verkemiddel
    - Vi må disponere areala på ein hensiktsmessig måte som fremjar etableringslyst
3. Bokn kommune prioriterer for interkommunalt samarbeid
    - Vi må ha kunnskap om kva effekt vi vil oppnå som følgje av samarbeidet
    - Vi må vera kost/nytte orienterte for optimalisering av avtalar
4. Bokn kommune prioriterer for auka samhandling og samskaping med lag, organisasjonar og andre aktørar/private
    - Vi må ha driftige lokalmiljø
    - Vi må føreta ei vurdering av rollefordelinga mellom kommunen og frivillig sektor
    - VI må treffe tiltak for å redusere utslepp av klimagassar samstundes som vi tilpassar oss eit klima ei endring

# 3 Metodikk

**Konsekvensutgreiing**

Godkjent planprogram skildrar til dels det metodiske. Det slår fast at det skal leggjast til grunn eksisterande kunnskap frå kjende og tilgjengelege databasar hos kommunen og regionale mynde, samt fagleg skjønn, synfaringar og andre kjente opplysningar. Det skal så langt som råd er, hentast inn ny kunnskap om områda der det er utilstrekkeleg grunnlag frå før. KU-metodikken er bygd på Statens vegvesen si handbok, V712, samt rettleiaren til Miljødirektoratet M-1941, men med ei tilpassing til plannivået, kommuneplan. Konsekvensutgreiinga er i hovudsak ei verbal framstilling og vurdering av verdi og påverknad. Det vil sei at

vurderingane ikkje er talfesta eller matematiske. Konsekvensen som er resultatet frå verdi og påverknad er talfesta i form av kva grad innspelet er positivt eller negativt i forhold til 0-alternativet for aktuelt tema. Storleik/omfang av arealendringa vert vurdert opp mot konsekvensar sett i forhold til 0-alterantivet, dvs. at arealinnspelet ikkje vert realisert/godkjent. 0-alternativet er dagens situasjon med omsyn til arealbruk og plansituasjon (reguleringsplan/kommuneplan). Det er nytta ein 9-delt skala. Konsekvensane er synleggjort ved bruk av fargeskala frå rødt til grønt.

| ---- | --- | -- | - | 0 | + | ++ | +++ | ++++ |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|

Nokre av temaa omtalt i planprogrammet vil bli vurderte under fleire tema og ikkje som eige tema, som t.d. deltema strandsone som har verknad for både naturverdiar, friluftsliv, landskap og kulturminne. Forureining og trafikktryggleik vert omtala i ROS-analysen. Følgjande tema er utgreia, sjå tabell under:

| **Konsekvens-utgreiing** | **Kunnskapsgrunnlag** |
|---|---|
| **Naturressursar**<br>Jordbruk og skogbruk<br>Marine ressursar | Er det kjente interesser knytt til landbruk, naturressursar og marine ressursar i området? Vert dyrka mark/beitemark råka? Vert skogressursar råka? Andre verknader på landbruk? Er det mineralar/grus/pukk førekomstar i området?<br>Datakjelde: Ar5: Dyrka mark, innmarksbeite. Nibio: verdiklassar basert på Ar5 og DMK. Kjerneområde landbruk (KPA). Skogbonitet og hogstklasse. NGU, grus og pukkførekomstar. Fiskeridirektoratet, Yggdrasil |
| **Naturmangfald** på land, i sjø og vassdragsnatur | Er det kjente rødlisteartar, regionalt sjeldne artar eller viktige naturtypar i området? Verna område? Nokon naturverdiar i området? Eksisterande trekkvegar eller beiteområde for vilt? Vert vassdrag/vassmiljø råka?<br>Datakjelde: Naturbase. Artskart. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde (Fiskeridirektoratet). Vassforskifta med tilhøyrande regional planar |
| **Kulturminne** og kulturmiljø | Er det kjente kulturminne eller kulturmiljø i området? Freda kulturminne? Stor kulturell eller rekreasjonsverdi? Andre viktige omsyn?<br>Datakjelde: Askeladden. Sefrak-registeret. Temakart Rogaland. Kulturminneplan Bokn. |
| **Friluftsliv**<br>Rekreasjonsbruk<br>Strandsone | Er det kjente friluftsverdiar i området? Er innspelet i 100-metersbeltet mot sjø og nærleik til vassdrag? Auka/redusert mogelegheit for friluftsliv og rekreasjon? Legg området beslag på populære turområde?<br>Datakjelde: Fylkesatlas.no. Turkart og www.ut.no. Kartlegging av regionale / lokale friluftsområde. Kommuneplan/reguleringsplan med friområde/friluftsområde. Kartlegging av funksjonell strandsone (2012). Temakart Rogaland |
| **Landskap og grønstruktur**<br>Nærverknad<br>Fjernverknad<br>Strandsone | Er området bygd/ubygd, ope/vegetasjonskledd, godt/ lite synleg? Vil tiltaket gje endring i landskapet? Eller endringar i grønstrukturen?<br>Datakjelde: INON. Hellingskart. Flyfoto og grunnkart. Kartlegging av funksjonell strandsone (2012). Temakart Rogaland |
| **Klimautslepp**<br>Transportbehov<br>Støy | Arealendringa sin konsekvens for klima (spesielt for klimagass-utslepp) og energi? Vil utbygging medføre auka belastning på vegnettet? Er det mogleg å ordne tilkomst til området? Auka støy? Moglegheit for kollektivtransport?<br>Datakjelde: Grunnkart. Vegkart.no. Temakart Rogaland Kystverket, Kystinfo |
| **Barn og unge**<br>Offentlege tenestetilbod | Avstand til skule/ barnehage/ fritidsaktivitetar? Finst det grøntområde, leikeplassar i nærområdet i dag? Eksisterande gang- og sykkelveg?<br>Datakjelde: Kommuneplanen/reguleringsplanar. Flyfoto/grunnkart. |
| **Universell utforming** og **folkehelse** | Er det etablert bumiljø i området? Kva kvalitet vil nær-/bumiljøet ha? Mogleg med tilrettelegging/universell utforming? Gang, sykkelavstand frå sentrale funksjonar? Tilgang til friområde?<br>Datakjelde: Kommuneplanen/reguleringsplanar. Flyfoto/grunnkart. |
| **Tettstadutvikling** | Er område bygd/ubygd? Bygger arealendringa opp under tettstad/strukturen i kommunen? Er forslaget nært sentrum? Gangavstand til etablerte møteplassar? |
| **Næringsliv** og sysselsetting | Er område bygd/ubygd? Sjønært? Bygger arealendringa opp under næring og sysselsetting i kommunen? |
| **Samfunnsnytte** og berekraft | Kva samfunnsnytte gir arealendringa? Er arealendringa berekraftig?<br>Støtter innspelet opp om satsingsområda definert i samfunnsdelen+ |

**ROS-analyse**
Plan- og bygningslova § 3-1 syner til at planlegginga skal "*fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv.*". Kravet til ROS-analyse for arealdelen i kommuneplanen inneber å kartleggja risikotilhøve for ny arealbruk. ROS-analysen vert integrert i konsekvensutgreiinga for å få eit heilskapleg bilete av situasjonen i kvart enkelt innspelsområde.

Målsetjinga med ROS-analysen er å laga ei oversikt som avdekkjer risiko og sårbarheit som følgjer av areal-endringa. Vidare skal ROS-analysen identifisere avbøtande tiltak som reduserer eller eliminerer uakseptabel risiko. Risiko er knytt til uønska hendingar, omfang, og deira usikkerheit til om hendinga inntreff.

Analysane er gjennomført med utgangspunkt i Rundskriv H-5/18 og DSB sin rettleiar «*Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging Metode for risiko- og sårbarhetsanalyse i planleggingen*» (2017). ROS-analysen er tilpassa det planleggingsnivået som planen representerer, arealinnspel til kommuneplan. I analysen er det lagt til grunn at aktsemdsnivået er tilstrekkeleg. Areala er vurdert så langt som mogleg ifht. om det er eigna for framtidig arealbruk og om det vil medføre arealkrevjande sikringstiltak. Det er utfordrande å vera detaljert og spissa i vurderingane sidan det på kommuneplan-nivået ikkje har detaljert informasjon om korleis arealet vil verta bygd ut, utover arealføremål t.d. bustad, næring etc. Målet med analysen har difor vore å avdekke om arealet er eigna for ønska utbygging, og om det er behov for å sette føringar for neste plannivå/byggesak for å ta i vare ev. risiko.

ROS-analysen er gjennomført slik at ein har sjekka og vurdert innspela med omsyn til spesifikke tema. Det er valt å standardisere oppsettet og hendingar som alltid vert vurdert, og elles vurdere spesifikt for kvart enkelt areal om det er behov for vurdering av andre hendingar. Det er også valt å ikkje presentere kvar enkelt hending for dei ulike enkeltinnspela då dette er svært ressurskrevjande. Der det er hendingar som er vurdert som spesielt utfordrande/med høg risiko er desse meir omfattande omtala i analysen. Enkeltinnspela er vurderte for naturbaserte og menneske/ verksemd basert hendingar. Det er ikkje gjort vurdering av verksemdspesifikke risiko, då dette ikkje er avklart på dette plannivået.

Vurderingane som er gjennomført følgjer desse stega (ref. DSB rettleiar figur 4 og kvalitetskrav kap. 3.2):

1. Skildring av arealet/innspelet (del av felles oppsett med KU)

2. Identifisere mogleg uønska hendingar.
   Sjå tabell under for tema som alle innspel er vurdert for. I tillegg er det spesifikt vurdert for kvart enkelt innspel om det er andre hendingar som skal takast med. ROS-analysen er gjennomført for desse hendingane og med grunnlag i desse kjeldene:

| ROS-analyse<br>Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko | |
|---|---|
| Naturfare | |
| Skred<br>• Årsak alle type skred<br>• Hendingar som vil skade bygg og tiltak, samt potensielt ta liv<br>• Vurdering om arealet ligg i utløysing eller utløpsområde for skred<br>• Kjelde og nivå aktsemdskart<br>• Sikkerheitsklassar i TEK17 | Skrednett.no<br>Nve.no |
| Kvikkleire<br>• Utgliding av terreng/ustabil byggegrunn som vil skade bygg og tiltak, samt potensielt ta liv<br>• Vurdering av om arealet ligg over/under marin grense<br>• Kjelde og nivå aktsemdskart | Nve.no<br>Temakart-rogaland.no |
| Flaum<br>• Årsak flaum frå elv/bekk, samt overvatn<br>• Flaumhendingar som vil skade bygg og tiltak, samt potensielt ta liv<br>• Vurdering av om arealet ligg innanfor aktsemdssone for flaum eller ved avrennings-linje eller lågpunkt i terrenget.<br>• Kjelde og nivå aktsemdskart<br>• Sikkerheitsklassar i TEK17 | Nve.no,<br>Temakart-rogaland.no (avrenningslinje og lågpunkt) |


ABO PLAN & ARKITEKTUR

| | |
|---|---|
| Stormflo /havnivåstigning<br>• Hendingar som vil skade bygg og tiltak<br>• Vurdering av om arealet ligg ved sjø og dermed potensielt utsett for vatn inn på arealet/bygg<br>• Kjelde og nivå aktsemdskart<br>• Sikkerheitsklassar i TEK17 | Sehavnivå.no<br>Nve.no<br>Temakart-rogaland.no |
| Menneske og verksemdbaserte farar | |
| Trafikktryggleik<br>• Årsak trafikkfarleg situasjon (dagens/ framtidig)<br>• Hendingar som vil skade køyretøy samt potensielt ta liv<br>• Vurdering av om arealet ligg i område med tidlegare trafikkulykke, kryssløysing til hovud-veg, eige felt for mjuke trafikantar, fartsgrense/-nivå, vegstandard, auke i trafikk vil det endre situasjonen<br>• Kjelde og nivå; overordna vurdering | Vegkart.no<br>Lokal kunnskap hos kommunen. |
| Støy<br>• Årsak trafikkstøy eller nærleik til nærings-område<br>• Kontinuerleg hending som vil medføre helse-plager<br>• Vurdering av om arealet ligg innanfor varslingskart for støy for veg, om arealet ligg i nærleiken av næringsareal, eller nytt næringsareal vil påverke eksisterande busetnad<br>• Kjelde og nivå varslingskart<br>• Støyretningslinje T-1442 | Støyvarslingskart<br>Statens vegvesen<br>Grunnkart og oversikt av næringsområde og eksisterande busetnad |
| Stråling frå høgspent<br>• Årsak stråling frå høgspent<br>• Kontinuerleg hending som vil medføre helse-plager<br>• Vurdering av om arealet ligg ved høgspentlinje i luftspenn<br>• Kjelde og nivå varslingskart | Grunnkart og oversikt av eksisterande høg-spent i luftspenn |
| Innsatstid og kapasitet for naudetatane<br>• Nærleik til naudetatar<br>• Omfang av ønska utbygging vil påverke kapasitet og beredskap | Dsb.no<br>Temakart-rogaland.no |

3. Vurdere risiko og sårbarheit
   Bokn kommune har eldre akseptkriteria. Det er difor valt å nytta same kriterium som frå revisjon av kommuneplan 2013. Men med unntak for sannsyn der det er sett faste intervall og fare for naturfarar i TEK 17 (skred S1-3 og flaum/stormflo F1-3).

**Sannsyn**

| Sannsyn | Frekvens | Frekvens, naturfare jf. TEK 17 |
|---|---|---|
| **1. Svært sannsynleg** | Meir enn ei hending per år | 1/20 (F1) |
| **2. Sannsynleg** | I gjennomsnitt ei hending per 1-10 år | 1 /100 (S1) |
| **3. Noko sannsynleg** | I gjennomsnitt ei hending per 10-50 år | 1 /1000 (S2) og 1/200 (F2) |
| **4. Lite sannsynleg** | Sjeldnare enn ei hending per 1-10 år | 1 /5000 (S3) og 1/100 (F3) |

**Konsekvens**

| Konsekvens | Liv og helse | Materielle verdiar/ økonomi | Ytre miljø |
|---|---|---|---|
| **A. Ufarleg** | Ingen eller små personskadar | Ingen eller ubetydeleg økonomisk kostnad, inntil ……… kr. | Ingen eller ubetydeleg miljøskadar |
| **B. Ein viss fare** | Få og små personskadar som treng medisinsk handsaming | Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdiar, opptil ……. kr. | Lokale miljøskadar, kort restitusjonstid |
| **C. Alvorleg/farleg** | Inntil 10 alvorlege person-skadar eller mange små personskadar. Sjukefråvær | Skade eller tap av verdiar av noe varigheit, opptil …….. kr | Regionale miljøskadar, < 1 års restitusjon |
| **D. Kritisk** | Inntil 25 alvorleg skadde personar eller eitt dødsfall | Skade eller tap av verdi av lengre varigheit, opptil ……. kr | Alvorlege regionale miljøskadar, >1 års restitusjon |
| **E. Katastrofal** | Ein eller fleire døde | Varig skade eller tap av samfunnsverdi, meir enn ……..kr | Svært alvorlege regionale miljøskadar, irreversibel skade |

**Risikomatrise**

Det er nytta ein fargebruk i analysen som representerer akseptkriteria:

- (Raud) Uakseptabel risiko. Tiltak må settast i verk for å redusere risikoen.
- (Gul) Risiko bør vurderast med omsyn til tiltak som reduserer risiko.
- (Grøn) Akseptabel risiko.

| | Ufarleg | Ein viss fare | Farleg | Kritisk | Katastrofalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Svært sannsynleg | 1A | 1B | 1C | 1D | 1E |
| Sannsynleg | 2A | 2B | 2C | 2D | 2E |
| Noko sannsynleg | 3A | 3B | 3C | 3D | 3E |
| Lite sannsynleg | 4A | 4B | 4C | 4D | 4E |

<u>Usikkerheit</u>

Det er ei generell viss usikkerheit i analysane og kunnskapsgrunnlaget med utgangspunkt i at det er offentlege og overordna datasett som er kjelda i analysen (sjå tabell over). Dersom det er vurdert spesiell usikkerheit har ein vore konservativ i vurdering av sannsyn og konsekvens. Med dette som bakgrunn, kan det komme opp problemstillingar som ikkje vert fanga opp i denne analysen. I seinare plansaker må dei følgjast opp med eventuelle kartleggingar/ dokumentasjon, samt nødvendige avbøtande tiltak.

4. Identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit (tilråding om omsynssone/føresegn og føringar for neste plannivå). I ROS-analysen er det peika på punkt og problemstillingar som må vidareførast i detaljregulering og -prosjektering av tiltak, samt trekt fram i samla tilråding for kvar enkelt innspel. Det er også omtala i kva grad desse tiltaka reduserer risiko og sårbarheit.

5. (Dokumentasjon av analysen og korleis denne påverkar planforslaget er omtala i dokumentet Overordna KU og ROS-analyse for Bokn kommune).

# 4 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse innspel til ny arealbruk

Det er gjennomført konsekvensutgreiing for 18 arealinnspel.

| | |
|---|---|
| #3 | Bustadområde Vågaheia |
| #10 | Bustadområde Øvrebøvågen |
| #15 | LNF-spreidd bustad Øvrebøvågen |
| #16 | Bustadområde Fløsundområdet |
| #17 | Akvakultur Ognøy |
| #18,22,40 A | Bustadområde Føresvik |
| #18,22,40 B | Bustadområde Føresvik, alternativ lokalisering |
| #23 | Bustadområde Føresvik |
| #26 | Næringsområde Trosnavåg |
| #27 | Bustad-/næringsområde Sæbø |
| #32 | Friområde Boknabergvatnet |
| #33 | Næringsområde Ognøya |
| #34 | LNF-spreidd næring Ognøya |
| #35 | Småbåthamn, badeplass, fritidsaktivetar i sjø Øyren |
| #39 | Næringsområde Knarholmen sør |
| #41 | Bustadområde Føresvik |
| #42 | Naust og næringsområde Alvestadkroken |
| #43 | Akvakultur Fløsund sør/Kroholmen |



## 4.1 Innspel #3, Bustadområde Vågaheia

| Skildring av arealendringa: | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF-område | Arealendring<br> |
| **Planlagt arealbruk**<br>Privat innspel om bustadføremål<br>Arealet ligg i tilknyting til regulert område til bustad, Vågaheia bustadfelt, og er ei utviding av dette feltet. Det er ca. 9 ubygde frådelte eigedomar innanfor regulert område.<br><br>Det er etablert vegar, vatn- og avløp, samt handtering av overvatn som nytt felt kan kople seg til. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | Ca. 13,2 daa |
| **Skildring av området** | Arealet er i dag beitemark, som i vest grenser til Vågaheia bustadfelt. Det er etablert leikeplass innanfor eksisterande plan. Det er flotte naturområde i kring arealet. |

| **Konsekvens-utgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar**<br>Jordbruk og skogbruk<br>Mineralressursar<br>Marine ressursar | Innmarksbeite. Grunnlendt grunnforhold. Verdisett i Nibio: noko verdi (1). Ikkje del av kjerneområde landbruk. Ingen skogsressursar i området. Ingen mineral, pukk eller grusførekomstar på arealet. | Nedbygging av innmarksareal, ca. 13 daa innmarksbeite. Området er i aktiv bruk og det vert søkt om produksjonstilskot på arealet. | -- |
| **Naturmangfald** på land, i sjø og vassdragsnatur | Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ingen registrerte innanfor eller i nærleiken<br>Markslag: Innmarksbeite<br>Vassdrag: Ingen registrerte elv, bekkeløp eller vatn innanfor arealet. | Etablering av bustad med infrastruktur vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er ingen registreringar innanfor eller nyare registreringar i nærleiken av innspelet. Generelt vil endring frå LNF til bustad vera negativt for naturmangfald, men arealet er relativt lite, og konsekvensen er avgrensa. | - |
| **Kulturminne** og kulturmiljø | Ingen registrerte kulturminne eller eldre bygg/SEFRAK-registreringar i eller nær området. | Ingen konsekvens | 0 |
| **Friluftsliv**<br>Rekreasjonsbruk<br>Strandsone | Ingen registrerte regionale eller lokale friluftsområde. Nord for arealet er det eit større friluftsområde; Våga-Vardafjellet-Håklepp-Våga.<br>Arealet er utanfor strandsona. | Arealet er ikkje i konflikt med registrerte friluftsinteresser. Arealet er i dag definert som innmark | 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Landskap og grønstruktur** Nærverknad Fjernverknad Strandsone | Arealet er del av landskapstype (NiN); *middels eksponert ytre kystslettelandskap med bratte åser, restfjell, klipper og stup*. Det er ikkje del av kartfesta kulturlandskap. Aust for arealet, men ikkje innanfor, er Vågå med Vågsholmane definert som viktig landskap i Rogaland. Området er beitemark med låg vegetasjon. Det er ingen bratte skrentar innanfor arealet. Arealet hellar mot sør, søraust og har gode solforhold. | Arealet ligg i tilknyting til eksisterande bustadfelt, og jordbrukslandskap. Området er delvis kupert og utan høg vegetasjon. Innspelet inkluderer toppunkt på 50moh, men det er andre høgare punkt i nærområdet. Utbygging i området vil medføre terrenginngrep, og nybygg bør ikkje plasserast på eksponerte punkt. For nærverknad kan det ha negativ konsekvens. Utbygginga er utviding av eksisterande felt, og pga. terrengformar i området vil fjern-verknad vera avgrensa . | - |
| **Klimautslepp** Transportbehov | Arealet er ikkje registrert som karbonrikt areal (temakart-Rogaland). Det er om lag 6,5 km køyreavstand til Føresvik sentrum. Det er G/S-veg langs deler av vegen til sentrum, med snarveg til sentrum via vegen til Alvestadkroken. Det er etablert busstopp ved fylkesvegen like ved avkøyringa til området. | Transport til/frå området vil truleg i hovudsak vera bilbasert. Området er mindre gunstig lokalisert når det gjeld transportbehov. Området fører ikkje til nedbygging av karbonrikt areal. | -/0 |
| **Barn og unge** Offentlege tenestetilbod | Det er ikkje sykkelavstand til sentrum med skule og fritidsaktivitetar (over 5km), og ikkje gang-avstand (over 1km). Ein må krysse Boknasundet, som kan opplevast utfordrande, for å komme seg til sentrum. Det er etablert tursti i tilknyting til eksisterande bustadfelt. Det er etablert leikeplass innanfor tilgrensande bustadfelt. | Arealet ligg relativt gunstig til med tilgang til etablerte funksjonar i tilgrensande bustadfelt. Det er lengre avstand til offentlege tenester. | +/0 |
| **Universell utforming** og **folkehelse** | Området er dels kupert, og eksisterande tilkomstveg er dels bratt.<br>Det vil vera mogleg å bygge bustadtomter med universell utforming, men universell stigning til leikeplass og kollektiv kan vera utfordrande. | | -/0 |
| **Tettstadutvikling** | Arealet ligg eit stykke frå sentrum Føresvik, men i tilknyting til eksisterande bustadfelt. Arealet bygger ikkje oppunder Føresvik som sentrum. | | 0 |
| **Næringsliv** og sysselsetting | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte** og berekraft | Arealet er i tråd med desse satsingsområda for kommunen:<br>• Oppretthalde spreidd busetnad i kommunen<br>• Tilgang til naturen<br>• Disponere areal som fremjar etableringslyst | | |

| ROS-analyse<br>Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko | | | |
|---|---|---|---|
| Naturfare | | | |
| Skred | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat.verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje registrert som utsett for aktsemdsområde for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |



ABO PLAN & ARKITEKTUR

| | | | |
|---|---|---|---|
| | 4A | 4A | 4A |
| | Området ligg over marin grense. | | |
| Flaum | Liv og helse<br>3A | Ytre Miljø<br>3A | Mat. verdiar/samfunn<br>3A |
| | Området er ikkje registrert som utsett for flaum. Ingen registrerte bekkar eller terrengmessige lågpunkt i området. Det er avrenningslinje i grensa mot eksisterande bustadfelt. Dette er noko som framtidig regulering må ta hand om. | | |
| Stormflo /havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Ligg ikkje ved sjø. | | |
| Menneske og verksemdbaserte farar | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse<br>2B | Ytre Miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2A |
| | Ingen trafikkulykke ved avkøyring. Ei ulykke langs Vågavegen (2019) og eit i kryss til E39 (2019). Vågavegen: Ikkje fortau eller G/S-veg langs. Smal vegbreidde, ca. 4,3m dekke. Fartsgrense 50 km/t. | | |
| Støy | Liv og helse<br>4A | Ytre Miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje utsett frå vegstøy, ref. støyvarslingskart Statens vegvesen. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse<br>4A | Ytre Miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Det er ikkje høgspentlinje i eller nærområdet | | |
| Innsatstid og kapasitet for naudetatane | Det er god vegtilkomst til området. Nærmaste brannstasjon er ved Føresvik. Området er del av Haugaland Brann og Redning IKS sitt dekningsområde. | | |
| Usikkerheit | Avbøtande tiltak | | |
| Eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere om arealet er eigna på KPA nivået. | I plansak må:<br>• Handtering av overflatevatn avklarast<br>• Trafikktryggleik langs Vågavegen avklarast | | |

Samla vurdering/tilråding:

| Naturressursar | Naturmangfald | Kulturminne og kulturmiljø | Friluftsliv | Landskap | Klimautslepp | Barn og unge | Universell utforming og folkehelse | Tettstadutvikling | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -- | - | 0 | 0 | - | -/0 | +/0 | -/0 | 0 | x |

Samla har innspelet negative verknadar for naturressursar, naturmangfald, landskap, klimautslepp, universellutforming og tettstadutvikling. Arealet er godt lagt til rette for barn og unge. Innspelet er i tråd med tre av satsingsområda for kommunen, men ikkje med omsyn til å bygge opp under Føresvik som sentrum.

Administrativ tilråding: Positiv tilråding
Arealet er lagt til rette for infrastruktur og grunnarbeid i området. Elles lite tilgjengelege tomter på Austre Bokn.

Politisk vedtak: Kommuneplanutvalet sluttar seg til administrasjonen si tilråding

## 4.2 Innspel #10, Bustadområde Øvrebøvågen

| Skildring av arealendringa: | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF-område, kjerneområde landbruk og deler gul støysone |  |
| **Planlagt arealbruk**<br>Privat innspel om bustadføremål<br>Areal for fire nye tomtar ligg på austsida av Krovegen og vest for E39 ved Øvrebøvågen. 1 tomt på austsida av Krovegen. På to av tomtane er det etablert einebustadar. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | Ca. 20,7 daa |
| **Skildring av området** | Området ved Krovegen er prega av jordbrukseigedomar og -drift. |

| **Konsekvens-utgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar**<br>Jordbruk og skogbruk<br>Mineralressursar<br>Marine ressursar | Arealet er registrert som fulldyrka mark, overflatedyrka, innmarks-beite og bygd areal. Jorddekt grunnforhold. Verdisett i Nibio: noko (1) og stor verdi (3). Del av kjerneområde landbruk. Ingen skogsressursar i området. Ingen mineral, pukk eller grusførekomstar på arealet. | Nedbygging av innmarks-areal, 11,6 dekar fulldyrka jord, 1,7 dekar overflatedyrka og 4,7 dekar innmarksbeite. Området er i aktiv drift (utleigd), i god stand og svært god drift. Fragmentering av kjerneområde landbruk. | --- |
| **Naturmangfald** på land, i sjø og vassdragsnatur | Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ingen innanfor eller nærmaste nærleik<br>Markslag: Fulldyrka mark, bygd og ope fastmark.<br>Vassdrag: Ingen registrerte elv, bekkeløp eller vatn innanfor areala. | Etablering av bustad med infra-struktur vil medføre arealbeslag, og nedbygging av område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er ingen registreringar innanfor eller nyare registreringar i nærleiken av innspela. Endring frå LNF til bustad vil vera negativt for naturmangfald, men arealet består av grasbakke som vert slått, og konsekvensen er difor avgrensa. | - |
| **Kulturminne** og kulturmiljø | Ingen registrerte kulturminne eller eldre bygg/SEFRAK-registreringar i innanfor arealet. | Ingen konsekvens | 0 |
| **Friluftsliv**<br>Rekreasjonsbruk<br>Strandsone | Ingen registrerte regionale eller lokale friluftsområde.<br>Arealet er utanfor strandsona. | Areala er ikkje i konflikt med registrerte friluftsinteresser.<br>Arealet er i dag definert som innmark. | 0 |



ABO PLAN & ARKITEKTUR

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Landskap og grønstruktur**<br>Nærverknad<br>Fjernverknad<br>Strandsone | Arealet er del av landskapstype (NiN); *skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap.*<br>Det er ikkje del av kartfesta kulturlandskap.<br>Området er grasbakke ved gardsbruk. Terrenget heller slakt mot E39 (aust), og har gode sol- og utsiktsforhold. Det er ingen bratte skrentar innanfor arealet. | Arealet ligg i tilknyting til eksisterande einebustad aust for Krovegen og er såleis utviding med tre nye tomter. Området er prega av jordbruksareal og gardsbruk. Utbygging i området vil medføre terrenginngrep, men ikkje silhuett-verknad. Arealet gir grunnlag for fortetting og nærverknaden kan gi liten negativ konsekvens. Fjern-verknaden er avgrensa då det er etablert tiltak i området. | - |
| **Klimautslepp**<br>Transportbehov | Arealet er ikkje registrert som karbonrikt areal (temakart-Rogaland).<br>Det er om lag 6,5 km køyreavstand til Føresvik sentrum. Det er G/S-veg langs deler av vegen til sentrum, med snarveg til sentrum via vegen til Alvestadkroken.<br>Det er etablert busstopp i Krovegen ved Tåganes (ca. 1 km frå arealet), samt ved E39. | Transport til/frå området vil truleg i hovudsak vera bilbasert. Området er mindre gunstig lokalisert når det gjeld transportbehov. Området fører ikkje til nedbygging av karbonrikt areal. | -/0 |
| **Barn og unge**<br>Offentlege tenestetilbod | Det er ikkje sykkelavstand til sentrum med skule og fritids-aktivitetar (over 5km), og ikkje gang-avstand (over 1km). Ein må krysse Boknasundet, som kan opplevast utfordrande, for å komme seg til sentrum. Det går skulebuss på Krovegen. Det er ikkje etablert leikeplassar i området. | Det er lengre avstand til offentlege tenester. Det er ikkje opparbeida funksjonar for barn og unge i området, men det er god tilgang til naturområde for naturleik. | - |
| **Universell utforming** og **folkehelse** | Området er hellande. Det vil vera mogleg å bygge bustadtomter med universell utforming, men universell stigning på tilkomstvegar kan vera utfordrande. | | -/0 |
| **Tettstadutvikling** | Arealet ligg eit stykke frå sentrum Føresvik. Areala bygger ikkje oppunder Føresvik som sentrum. | | 0 |
| **Næringsliv** og sysselsetting | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte** og berekraft | Arealet er i tråd med desse satsingsområda for kommunen:<br>• Oppretthalde spreidd busetnad i kommunen<br>• Tilgang til naturen<br>• Disponere areal som fremjar etableringslyst | | |

| ROS-analyse<br>Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko | | | |
|---|---|---|---|
| Naturfare | | | |
| Skred | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje registrert som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området ligg i hovudsak over marin grense. | | |
| Flaum | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Området er ikkje registrert som utsett for flaum. Ingen registrerte bekkar eller terrengmessige lågpunkt i området. | | |
| Stormflo /havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Ligg ikkje ved sjø. | | |
| Menneske og verksemdbaserte farar | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse<br>2B | Ytre Miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2A |
| | Ingen trafikkulykke på Krovegen. Ei ulykke i kryss til E39 (2019). Krovegen: Ikkje fortau eller G/S-veg langs. Smal vegbreidde, ca. 4,3m dekke. Fartsgrense 50 km/t. | | |
| Støy | Liv og helse<br>2B | Ytre Miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2A |
| | Deler av arealet i nord ligg i gul støysone, ref. støyvarslingskart Statens vegvesen. Avstand til E39 er om lag 100 meter og det er om lag 25 m høgde-forskjell til E39. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Det er ikkje høgspentlinje i eller nærområdet | | |
| Innsatstid og kapasitet for naudetatane | Det er god vegtilkomst til arealet. Nærmaste brannstasjon er ved Føresvik. Området er del av Haugaland Brann og Redning IKS sitt dekningsområde. | | |
| Usikkerheit | Avbøtande tiltak | | |
| Eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere om arealet er eigna på KPA nivået. | I plansak må:<br>• Trafikktryggleik langs Krovegen avklarast.<br>• Gjennomføre støykartlegging og ny busetnad må leggjast utanfor støysone frå E39. | | |

Samla vurdering/tilråding:

| Naturressursar | Naturmangfald | Kulturminne og kulturmiljø | Friluftsliv | Landskap | Klimautslepp | Barn og unge | Universell utforming og folkehelse | Tettstadutvikling | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| --- | - | 0 | 0 | - | -/0 | - | -/0 | 0 | x |
| innspelet har spesielt negativ verknad for naturressursar men også naturmangfald, landskap, klimautslepp, barn og unge, universell utforming og tettstadutvikling. Innspelet er i tråd med tre av satsingsområda for kommunen, men ikkje med omsyn til å bygge opp under Føresvik som sentrum. | | | | | | | | | |
| Administrativ tilråding: Negativ tilråding med hovudvekt på jordbruksomsyn | | | | | | | | | |
| Politisk vedtak: Kommuneplanutvalet sluttar seg til administrasjonen si tilråding | | | | | | | | | |

## 4.3 Innspel #15, LNF-spreidd bustad Øvrebøvågen

| Skildring av arealendringa: | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF-spreidd område (LNFB2 med to nye einingar i planperioden), og kjerneområde landbruk |  |
| **Planlagt arealbruk**<br>Privat innspel om auke LNF-spreidd kvote<br>Dagens kommuneplan opnar for 2 nye einingar i planperioden. Desse er bygd ut/frådelt. Ønskje om at gnr. 3/4 gir grunnlag for å auke kvota til ytterlegare to einingar.<br>Det er etablerte løysingar for vatn og avløp i området som nye einingar kan kople seg til. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | Ca. 1,6 daa |
| **Skildring av området** | Området ved vegen Øvrebøvågen. Det er etablert tre bustadeiningar i LNF-spreidd arealet, samt frådelt 2 eigedomar. Området er prega av jordbrukseigedomar og -drift. Det er sett byggegrense mot sjø for utbyggingsføremålet. Potensialet for nye einingar ligg ovanfor eksisterande busetnad mot sjø. |

| Konsekvens-utgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar**<br>Jordbruk og skogbruk<br>Mineralressursar<br>Marine ressursar | Arealet er fulldyrka mark. Jorddekt grunnforhold. Verdisett i Nibio: stor verdi (3). Del av kjerneområde landbruk. Ingen skogsressursar i området. Ingen mineral, pukk eller grusførekomstar på arealet. | Arealet er omdisponert til spreidd utbygging av bustad. Auke i tal nybygg gir grunnlag for nedbygging av innmarksareal, ca. 0,6 daa fulldyrka mark. Området er ein grasbakke, men det er ikkje søkt om produksjons-tilskot. Den har ikkje direkte tilknyting til andre innmarks-areal, og fragmenterer ikkje større saman-hengande innmarksområde. Fragmentering av kjerneområde landbruk. | - |
| **Naturmangfald** på land, i sjø og vassdragsnatur | Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ingen innanfor eller nærmaste nærleik<br>Markslag: Fulldyrka mark og skog (lauvskog).<br>Vassdrag: Ingen registrerte elv, bekkeløp eller vatn innanfor arealet. | Etablering av bustad med infra-struktur vil medføre arealbeslag, og nedbygging av område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er ingen registreringar innanfor eller nyare registreringar i nærleiken av innspelet. | - |
| **Kulturminne** og kulturmiljø | Ingen registrerte kulturminne eller eldre bygg/SEFRAK-registreringar i innanfor arealet. | Ingen konsekvens | 0 |



ABO PLAN & ARKITEKTUR

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Friluftsliv**<br>Rekreasjonsbruk<br>Strandsone | Ingen registrerte regionale eller lokale friluftsområde.<br>Arealet ligg innanfor strandsona, men det er busetnad framfor mot sjø. Arealet ligg utanfor kartlagt funksjonell strandsone. | Arealet er ikkje i konflikt med registrerte friluftsinteresser.<br>Sjølv om arealet ligg innanfor 100metersbeltet mot sjø, har den ingen barriereverknad for ferdsel eller bruk av strandsona då det er etablert busetnad tettare på sjø. | 0 |
| **Landskap og grønstruktur**<br>Nærverknad<br>Fjernverknad<br>Strandsone | Arealet er del av landskapstype (NiN); *skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap.*<br>Det er ikkje del av kartfesta kulturlandskap.<br>Deler av arealet er grasbakke og resterande lauvskog. Det ligg tilknytt etablert busetnad. Området er relativt flatt og er ikkje eksponert frå sjø eller nærområde. | Arealet ligg i tilknyting til eksisterande einebustadar og er såleis utviding med to nye tomter. Området er prega av jordbruksareal og gardsbruk. Utbygging i området vil medføre terrenginngrep, men ikkje silhuett-verknad. Arealet gir grunnlag for fortetting og nærverknaden kan gi liten negativ konsekvens. Området vil framstå meir konsentrert utbygd. Fjernverknaden er avgrensa då det er etablert tiltak i området. | - |
| **Klimautslepp**<br>Transportbehov | Areala er registrert som karbonrikt areal, skog med særs høg bonitet (temakart-Rogaland).<br>Det er om lag 6,5 km køyreavstand til Føresvik sentrum. Det er G/S-veg langs deler av vegen til sentrum, med snarveg til sentrum via vegen til Alvestadkroken. Det er etablert busstopp i Krovegen ved Tåganes (ca. 1,5 km), samt ved E39. | Transport til/frå området vil truleg i hovudsak vera bilbasert. Området er mindre gunstig lokalisert når det gjeld transportbehov. Området fører til nedbygging av karbonrikt areal. | -/0 |
| **Barn og unge**<br>Offentlege tenestetilbod | Det er ikkje sykkelavstand til sentrum med skule og fritids-aktivitetar (over 5km), og ikkje gang-avstand (over 1km). Ein må krysse Boknasundet, som kan opplevast utfordrande, for å komme seg til sentrum. Det går skulebuss på Krovegen.<br>Det er ikkje etablert leikeplassar i området, men grasbakken vert nytta til leik og balløkke. | Det er lengre avstand til offentlege tenester. Det er ikkje opparbeida funksjonar for barn og unge i området, men det er god tilgang til naturområde for naturleik. | - |
| **Universell utforming** og **folkehelse** | Området er svakt hellande, og tilkomstveg er smal. Det vil vera mogleg å bygge bustadtomter med universell utforming. | | 0 |
| **Tettstadutvikling** | Arealet ligg eit stykke frå sentrum Føresvik. Arealet bygger ikkje oppunder Føresvik som sentrum. | | 0 |
| **Næringsliv** og sysselsetting | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte** og berekraft | Arealet er i tråd med desse satsingsområda for kommunen:<br>• Oppretthalde spreidd busetnad i kommunen<br>• Tilgang til naturen<br>• Disponere areal som fremjar etableringslyst | | |

| |
|---|
| ROS-analyse<br>Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko |
| Naturfare |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Skred | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje registrert som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse<br>3C | Ytre Miljø<br>3B | Mat. verdiar/samfunn<br>3C |
| | Området ligg under marin grense. Potensiale for kvikkleire må avklarast. | | |
| Flaum | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje registrert som utsett for flaum. Ingen registrerte bekkar eller terrengmessige lågpunkt i området. | | |
| Stormflo /havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Arealet ligg på ca. kote 22. | | |
| Menneske og verksemdbaserte farar | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse<br>2B | Ytre Miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2A |
| | Ingen trafikkulykker på Krovegen. Ei ulykke i kryss til E39 (2019). Krovegen: Ikkje fortau eller G/S-veg langs. Smal vegbreidde, ca. 4,3m dekke. Fartsgrense 50 km/t. Vegen til Øvrebøvågen er smalare enn Krovegen. | | |
| Støy | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje utsett frå vegstøy, ref. støyvarslingskart Statens vegvesen. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Det er ikkje høgspentlinje i eller nærområdet | | |
| Innsatstid og kapasitet for naudetatane | Noko dårleg standard på vegen til Øvrebøvågen. Nærmaste brannstasjon er ved Føresvik. Området er del av Haugaland Brann og Redning IKS sitt dekningsområde. | | |
| Usikkerheit | Avbøtande tiltak | | |
| Eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere om arealet er eigna på KPA nivået. | I plansak/byggesak må:<br>• Kvikkleire avklarast<br>• Trafikktryggleik langs Krovegen | | |

Samla vurdering/tilråding:

| Naturressursar | Naturmangfald | Kulturminne og kulturmiljø | Friluftsliv | Landskap | Klimautslepp | Barn og unge | Universell utforming og folkehelse | Tettstadutvikling | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| - | - | 0 | 0 | - | -/0 | - | 0 | 0 | x |

Innspelet omfattar auke i kvote for LNF-spreidd bustadområde i gjeldande kommuneplan. På grunn av at arealet allereie opnar for spreidd busetnad er verknadane noko avgrensa.
Innspelet har likevel negative konsekvensar knytt til tema; naturressursar, naturmangfald, landskap, klimautslepp, barn og unge og tettstadutvikling.

Administrativ tilråding: Positiv tilråding
Arealet er lagt til rette for infrastruktur og grunnarbeid i området.

Politisk vedtak: Kommuneplanutvalet sluttar seg til administrasjonen si tilråding

## 4.4 Innspel #16, Bustadområde Fløsundområdet

| Skildring av arealendringa: | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF-føremål<br><br>**Planlagt arealbruk**<br>Privat innspel om nytt bustadområde nordvest på Austre Bokn. Arealet er nord for Kroholmen<br>Grunneigar ønskjer eit bustad-område med ev. naust ved sjøkanten. Det er traktorveg nesten fram til området i dag, men ikkje infrastruktur for vatn eller avløp. |  |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | Ca. 31,3 daa |
| **Skildring av området** | Området er utan infrastruktur og er eit naturområde nytta til beite. Aust for arealet er Krovatnet (naturtype rik kulturlandskapssjø). Området er dels kupert og heller mot sjø. Det er lite vegetasjon i området, noko spreidd skog nord i området, og elles ein del fjell i dagen. Det er etablert traktorveg på tilgrensande eigedomar frå Krovegen. |

| **Konsekvens-utgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar**<br>Jordbruk og skogbruk<br>Mineralressursar<br>Marine ressursar | Heile teigen er klassifisert som innmarksbeite. Grunnlendt grunn-forhold. Verdisett i Nibio: noko verdi (1). Ikkje del av kjerneområde landbruk, men tilkomstveg er del av kjerneområdet. Ingen skogressursar i området. Ingen mineral-, pukk- eller grusførekomstar på arealet. | Innspelet omdisponerer om lag 31 daa med innmarksbeite. Arealet er utleigd beiteareal til bruk med aktiv drift. Arealet er del av større samanhengande jordbruksareal (i hovudsak innmarksbeite), men ligg i ytterkant. Mot nord grensar arealet til skog og open fastmark. Innspelet medfører oppgradering av eksisterande traktorveg til køyreveg, og det vil fragmentere innmarks-areala og kjerneområde landbruk nærmare Krovegen. | --- |
| **Naturmangfald** på land, i sjø og vassdragsnatur | Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ingen innanfor eller nærmaste nærleik<br>Markslag: Innmarksbeite<br>Vassdrag: Ingen registrerte elv, bekkeløp eller vatn innanfor arealet. | Etablering av bustad med infra-struktur vil medføre arealbeslag, og nedbygging av område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er ingen registreringar innanfor eller nyare registreringar i nærleiken av innspelet. Arealet går heilt ned til sjø og strandsona vert påverka. | -- |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Kulturminne** og kulturmiljø | Ingen registrerte kulturminne eller eldre bygg/SEFRAK-registreringar i innanfor arealet. Det er registrert freda kulturminne nord og sør for eigedomen, samt i nærleik av traktor veg til Krovegen. | Liten konsekvens med omsyn til endra kulturmiljø og oppleving for eksisterande registreringar. | -/0 |
| **Friluftsliv** Rekreasjonsbruk Strandsone | Ingen registrerte regionale eller lokale friluftsområde. Deler av arealet ligg innanfor strandsona, og det er ingen tiltak i området i dag. Arealet er innmarksbeite. Funksjonell strand-sone er ikkje kartlagt i området. | Arealet er ikkje i konflikt med registrerte friluftsinteresser. Deler av arealet ligg innanfor 100metersbeltet mot sjø, og ny utbygging vil medføre barriere verknad for ferdsel eller bruk av strandsona. | --- |
| **Landskap og grønstruktur** Nærverknad Fjernverknad Strandsone | Arealet er del av landskapstype (NiN); *skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap.* Det er ikkje del av kartfesta kulturlandskap. Deler av arealet i nordaust er registrert som viktig landskap i Rogaland (Boknaflæet). Arealet heller mot sjø med høgare høgde i sør og i nord. Lengst aust er arealet på ca. kt. +21. Det er ikkje etablert tiltak i området, og det framstår som beiteland med lite vegetasjon. Området er eksponert frå sjø. | Arealet ligg i eit urørt naturområde i strandsona og er utan eksisterande infrastruktur eller tiltak. Området er prega av jordbruksareal og gardsbruk. Utbygging i området vil medføre terrenginngrep då landskapet er kupert og utfordrande å bygge på. Det vil i mindre grad gi silhuettverknad då terrenget stig i bakkant. Nærverknaden gir relativt stor negativ konsekvens då området vert transformert. Fjernverknaden er noko meir avgrensa då det er i hovudsak frå sjø det er innsyn til arealet. | -- |
| **Klimautslepp** Transportbehov | Deler av arealet i søraust er registrert som karbonrikt areal, myr (temakart-Rogaland). Det er om lag 9 km køyreavstand til Føresvik sentrum. Det er G/S-veg langs deler av vegen til sentrum, med snarveg til sentrum via vegen til Alvestadkroken. Det er etablert busstopp i Krovegen ved Tåganes (over 2 km), samt ved E39 | Transport til/frå området vil i hovudsak vera bilbasert. Området er mindre gunstig lokalisert når det gjeld transportbehov. Området fører til nedbygging av karbonrikt areal. | - |
| **Barn og unge** Offentlege tenestetilbod | Det er ikkje sykkelavstand til sentrum med skule og fritids-aktivitetar (over 5km), og ikkje gang-avstand (over 1km). Ein må krysse Boknasundet, som kan opplevast utfordrande, for å komme seg til sentrum. Området er utan tiltak i dag. Det går skulebuss på Krovegen. | Det er lang avstand til offentlege tenester. Det er ikkje opparbeida funksjonar for barn og unge i området, men det er god tilgang til naturområde for naturleik. | -- |
| **Universell utforming** og **folkehelse** | Området er hellande og kupert. Det vil truleg vera mogleg å bygge bustadtomter med universell utforming, men det kan medføre større terrenginngrep. Det vil vera mogleg å etablere tilkomstveg med OK standard og stigning. | | 0 |
| **Tettstadutvikling** | Arealet er plassert langt frå sentrum Føresvik. Arealet bygger ikkje oppunder Føresvik som sentrum, eller andre bygder/bustadfelt i kommunen. Arealet opnar for heilt nytt byggeland. | | 0 |
| **Næringsliv** og sysselsetting | Ikkje relevant. | | |

| | |
|---|---|
| **Samfunnsnytte** og berekraft | Arealet er i tråd med desse satsingsområda for kommunen:<br>• Oppretthalde spreidd busetnad i kommunen<br>• Tilgang til naturen<br>• Disponere areal som fremjar etableringslyst |

| ROS-analyse<br>Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko | | | |
|---|---|---|---|
| Naturfare | | | |
| Skred | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje registrert som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse<br>3C | Ytre Miljø<br>3B | Mat. verdiar/samfunn<br>3C |
| | Området ligg under marin grense. Potensiale for kvikkleire må avklarast. | | |
| Flaum | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje registrert som utsett for flaum. Krovatnet ligg aust for arealet, men ingen registrerte bekkar eller terrengmessige lågpunkt i området. | | |
| Stormflo /havnivåstigning | Liv og helse<br>2A | Ytre miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2A |
| | Deler av arealet ved sjø er omfatta av stormflo/havnivåstigning. Det er mogleg å planlegge ny busetnad slik at det ikkje er i risiko for overfløyming. | | |
| Menneske og verksemdbaserte farar | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse<br>2B | Ytre Miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2A |
| | Ingen trafikkulykker på Krovegen. Ei ulykke i kryss til E39 (2019). Krovegen: Ikkje fortau eller G/S-veg langs. Smal vegbreidde, ca. 4,3m dekke. Fartsgrense 50 km/t. Det må etablerast ny tilkomst til området, den bør vera etter standard og normar for bustadområde. | | |
| Støy | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje utsett frå vegstøy, ref. støyvarslingskart Statens vegvesen. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Det er ikkje høgspentlinje i eller nærområdet | | |
| Innsatstid og kapasitet for naudetatane | Nærmaste brannstasjon er ved Føresvik. Området er del av Haugaland Brann og Redning IKS sitt dekningsområde. | | |
| Usikkerheit | Avbøtande tiltak | | |
| Eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere om arealet er eigna på KPA nivået. | I plansak må:<br>• Kvikkleire og områdestabilitet avklarast<br>• Trafikktryggleik langs Vågavegen | | |

Samla vurdering/tilråding:

| Naturressursar | Naturmangfald | Kulturminne og kulturmiljø | Friluftsliv | Landskap | Klimautslepp | Barn og unge | Universell utforming og folkehelse | Tettstadutvikling | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| --- | -- | -/0 | --- | -- | - | -- | 0 | 0 | x |



ABO PLAN & ARKITEKTUR

| |
|---|
| Innspelet omfattar nytt bustadområde som vil krevje ny infrastruktur og bygging i naturområde og i strandsona. Beiteland vert omdisponert. Innspelet har negative konsekvensar knytt til dei fleste tema med unntak av at det støtter opp under tre av satsingsområda til kommunen, spesielt spreidd busetnad og attraktive bustadtomter som vil fremje etableringslyst. |
| Administrativ tilråding: Negativ tilråding med hovudvekt på jordbruksomsyn, strandsoneomsyn og naturmangfald. I tillegg til desse forholda er det manglande infrastruktur i området, og ingenting i nærleiken som området kan kople seg på. |
| Politisk vedtak: Kommuneplanutvalet sluttar seg til administrasjonen si tilråding |

## 4.5 Innspel #18, 22 og 40, Bustadområde Føresvik

| Skildring av arealendringa: | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF-område | <br> |
| **Planlagt arealbruk**<br>#18 og 22 er privat innspel om bustadføremål. # 40 er kommunalt innspel om bustadføremål som inkluderer både #18 og 22.<br>Areala er ei utviding av Føresvik mot sørvest. Areala gir grunnlag for større nye bustadområde tett på sentrum med skule, barnehage og andre funksjonar.<br><br>Det er etablert veg, vatn- og avløp i nærleiken som nytt felt kan kople seg til. Tilkomst til området er utfordrande, men kan løysast via Kyrkjebakken i sør (treng oppgradering) eller via Stølsvegen frå nord. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | Ca. 75 daa |
| **Skildring av området** | Arealet er i dag skog og kratt. Det grenser til eksisterande turveg i vest. Midt i området går ein bekk som har skapt noko utfordringar med flaumhendingar for eksisterande busetnad. |

| **Konsekvens-utgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar**<br>Jordbruk og skogbruk<br>Mineralressursar<br>Marine ressursar | Arealet består av innmarksbeite, skog (lauvskog høg bonitet og barskog av særs høg bonitet) og open fastmark. Jorddekt og grunnlendt grunnforhold. Innmarksområde verdisett i Nibio: middels verdi (2). Ikkje del av kjerneområde landbruk, men grenser til det i søraust. Avgrensa skogsressursar i området. Ingen mineral-, pukk- eller grusførekomstar på arealet. | Nedbygging av innmarksareal, ca. 23,6 daa innmarksbeite. Området er utleigd innmarksbeite til bruk med aktiv drift. Potensiale for jordbruksdrift vert redusert av innspelet. | -- |
| **Naturmangfald** på land, i sjø og vassdragsnatur | Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert | Etablering av bustad med infrastruktur vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald | -- |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Artar: Ingen innanfor eller nærmaste nærleik<br>Markslag: Innmarksbeite<br>Vassdrag: Registrerte bekkeløp innanfor arealet. Ingen elv eller vatn. | lokalt. Det er ingen registreringar innanfor eller nyare registreringar i nærleiken av innspelet. Generelt vil endring frå LNF til bustad vera negativt for naturmangfald. Arealet er stort og konsekvensen er difor større. | |
| **Kulturminne** og kulturmiljø | Ingen registrerte kulturminne eller eldre bygg/SEFRAK-registreringar i eller nær området. | Ingen konsekvens | 0 |
| **Friluftsliv**<br>Rekreasjonsbruk<br>Strandsone | Registrert regionalt frilufts-område i ei sone kring Kyrkjebakkevegen (svært viktig verdi). Dette er tilgang til større friluftsområde nord og aust for arealet. Dette er nærturterreng til busette i Føresvik. Arealet er utanfor strandsona. | Arealet er i konflikt med registrerte friluftsinteresser. Kyrkjebakkevegen vert nytta som turveg. Ny utbygging tettare på turtraseen enn dagens situasjon vil endre opplevinga i området. | -- |
| **Landskap og grønstruktur**<br>Nærverknad<br>Fjernverknad<br>Strandsone | Arealet er del av landskapstype (NiN); *skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap*.<br>Det er ikkje del av kartfesta kulturlandskap. Arealet er innanfor viktig landskap i Rogaland, Boknafjellet - Kongshamn.<br>Deler av området er beitemark med lite og låg vegetasjon. Søndre og nordleg del er skogkledd. Det er ingen bratte skrentar innanfor arealet. Terrenget er dels kupert og heller i hovudsak mot nord. Høgaste punktet i området er kring kote +75. Arealet har gode sol- og utsiktsforhold. | Arealet ligg i nærleiken av eksisterande bustadfelt, og jordbruks-landskap i søraust. Området er delvis kupert og hovudsakleg utan høg vegetasjon. Innspelet heller i hovudsak mot nord, og i bakkant av området stig terrenget mot Boknafjellet. Utbygging i området vil medføre terrenginngrep, og for nær-verknad kan det ha negativ konsekvens. På grunn av bakanfor-liggjande terreng og formar vil fjernverknad vera noko avgrensa. Samstundes er arealet stort, og gir grunnlag for ei større utbygging. | -- |
| **Klimautslepp**<br>Transportbehov | Arealet er registrert som karbonrikt areal, myr og skog av høg og særs høg bonitet (temakart-Rogaland).<br>Det er kort avstand til Føresvik sentrum. Det er ikkje G/S-veg langs vegen til sentrum (Kyrkjebakken). Det er etablert busstopp ved fylkesvegen og i sentrum. | Transport til/frå området vil liten grad vera bilbasert. Området er gunstig lokalisert når det gjeld transport-behov. Området fører til nedbygging av areal definert som karbonrikt areal. | 0 |
| **Barn og unge**<br>Offentlege tenestetilbod | Det er sykkelavstand til sentrum med skule og fritidsaktivitetar (under 5km), og gangavstand (under 1km).<br>Det er kort avstand til etablerte leikeområde, barnehage og skule. | Arealet ligg gunstig til med tilgang til etablerte funksjonar i Føresvik. Det er kort avstand til offentlege tenester. Det bør etablerast snarvegar til sentrumsområdet. | ++ |
| **Universell utforming** og **folkehelse** | Området er dels kupert. Stigning på vegar vil avhenge av kva vegtilkomst som vert aktuelt. Det vil vera mogleg å bygge bustadtomter med universell utforming, og universell stigning på veg/snarveg til Føresvik. | | 0 |
| **Tettstadutvikling** | Arealet ligg tett på sentrum Føresvik, og delvis i tilknyting til eksisterande bustadfelt. Arealet bygger oppunder Føresvik som sentrum. | | +++ |

| | | |
|---|---|---|
| **Næringsliv** og sysselsetting | Ikkje relevant. | |
| **Samfunnsnytte** og berekraft | Arealet er i tråd med desse satsingsområda for kommunen:<br>• Styrkje Føresvik som sentrum<br>• Tilgang til naturen<br>• Disponere areal som fremjar etableringslyst | |

| ROS-analyse<br>Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko | | | |
|---|---|---|---|
| Naturfare | | | |
| Skred | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje registrert som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Området ligg over marin grense. | | |
| Flaum | Liv og helse<br>3B | Ytre Miljø<br>3A | Mat. verdiar/samfunn<br>3C |
| | Området er ikkje registrert som utsett for flaum. Det er ingen terrengmessige lågpunkt i området. Det går ein bekk midt gjennom området, samt mindre bekkar i nordvest og søraust for innspelet. Bekken i midten har skapt problem for eksisterande busetnad nedstraums innspelsområdet. Dette er omtala m.a. i stadanalyse Føresvik 2023. Endring av bekken vil kunne ha verknad for eksisterande busetnad. Dette er noko som framtidig regulering må ta hand om. | | |
| Stormflo /havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Ligg ikkje ved sjø. | | |
| Menneske og verksemdbaserte farar | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse<br>2B | Ytre Miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2A |
| | Kyrkjebakken: Ingen trafikkulykke ved avkøyring mot Kongshamn. To ulykke langs vegen (1992 og 2015). Ikkje fortau eller G/S-veg. Smal vegbreidde, ca. 4m dekke. Fartsgrense 50 km/t. | | |
| Støy | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje utsett for vegstøy, ref. støyvarslingskart Statens vegvesen. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Det er ikkje høgspentlinje i eller nærområdet | | |
| Innsatstid og kapasitet for naudetatane | Nærmaste brannstasjon er ved Føresvik.<br>Området er del av Haugaland Brann og Redning IKS sitt dekningsområde. | | |
| Usikkerheit | Avbøtande tiltak | | |
| Eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere om arealet er eigna på KPA nivået. | I plansak må:<br>• Overflatevatn og flaum avklarast<br>• Val av tilkomstveg må vurderast ifht. trafikktryggleik | | |

Samla vurdering/tilråding:

| **Naturressursar** | **Naturmangfald** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Klimautslepp** | **Barn og unge** | **Universell utforming og folkehelse** | **Tettstadutvikling** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -- | -- | 0 | -- | -- | 0 | ++ | 0 | +++ | x |
| Innspelet er stort, om lag 75 dekar, og gir grunnlag for større og langsiktig utbygging. Tilkomst til området er utfordrande då det vil utløyse enten større utbetringar av eksisterande infrastruktur eller ny tilkomstveg.<br><br>På grunn av at innspelet omfattar naturområde og storleik av det har det ein del negative verknadar; naturressursar, naturmangfald, friluftsliv og landskap. Arealet ligg tett på Føresvik sentrum noko som er positivt for tettstadutvikling, samt barn og unge. | | | | | | | | | |
| Administrativ tilråding: Negativ tilråding med hovudvekt på at arealet opnar for ny utbyggingsareal utan direkte kopling til eksisterande bustadområde, og utfordrande tilkomst. Med dette som bakgrunn har ein gjennomført utgreiing av alternativ lokalisering med utgangspunkt i avgrensa areal som grenser til eksisterande bustadområde i gjeldande KPA. Sjå kapitel 4.7 for kart og utgreiing. | | | | | | | | | |
| Politisk vedtak: Kommuneplanutvalet sluttar seg til administrasjonen si tilråding | | | | | | | | | |

## 4.6 Innspel #18, 22 og 40, Bustadområde Føresvik, alternativ lokalisering

<table>
<tr><td colspan="2">Skildring av arealendringa:</td></tr>
<tr><td>Gjeldande arealbruk<br>LNF-område<br><br>Planlagt arealbruk<br>Bustadføremål og framtidig samferdsels-linje for tilkomstveg til arealet. Arealet er ei utviding av Føresvik mot sørvest. Arealet gir grunnlag for større nye bustadområde tett på sentrum med skule, barnehage og andre funksjonar. Det er etablert veg, vatn- og avløp i nærleiken som nytt felt kan kople seg til.<br><br>Tilkomst til området er utfordrande, men kan løysast via Kyrkjebakken i sør. Det vart i samband med reguleringsplan for Føresvik sør (2015) undersøkt mogleg vegtilkomst (Omega 2013, sjå kart til høgre). Det vart valt å trekke dette ut av planforslaget pga. tidspress og avklaring kring frigjering av kulturminne. Det er denne vegløysinga som no er teke inn som forslag til vegtilkomst.<br><br>Arealet vart vurdert i rullering av kommuneplanen 2018/19.</td><td>

</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>Ca. 50,7 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Arealet til bustad er i dag innmarksbeite, skog og kratt. Det grenser til eksisterande bustadfelt i vest. Nord i området går ein bekk som har skapt noko utfordringar med flaumhendingar for eksisterande busetnad. Ny vegtilkomst går gjennom jordbrukslandskap.</td></tr>
</table>



ABO PLAN & ARKITEKTUR

| Konsekvens-utgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar**<br>Jordbruk og skogbruk<br>Mineralressursar<br>Marine ressursar | Arealet består av innmarksbeite, skog (lauvskog høg bonitet) og ein mindre del open fastmark. Jorddekt og grunnlendt grunnforhold. Innmarksområde verdisett i Nibio: middels verdi (2). Arealet grenser til kjerneområde landbruk. Avgrensa skogsressursar i området. Ingen mineral-, pukk- eller grusførekomstar på arealet.<br>Framtidigtilkomstveg går gjennom areal klassifisert som fulldyrka jord (jorddekt) med stor verdi (Nibio (3). Del av kjerneområde landbruk. | Nedbygging av innmarksareal, ca. 40 daa innmarksbeite. Området er utleigd innmarksbeite til bruk med aktiv drift. Potensiale for jordbruksdrift vert redusert av innspelet.<br>Ny tilkomstveg vil omdisponere fulldyrka mark nytta til gras-produksjon. Veglinja ligg i ytterkant av innmarksarealet og grenser i nord til etablert busetnad. Omdisponeringa vil medføre at teigen vert redusert i omfang og verdi pga. arealet vert mindre. | --/--- |
| **Naturmangfald** på land, i sjø og vassdragsnatur | Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ingen innanfor eller nærmaste nærleik<br>Markslag: Innmarksbeite, fulldyrka jord og skog<br>Vassdrag: Registrerte bekkeløp innanfor arealet. Ingen elv eller vatn. | Etablering av bustad med infra-struktur og ny vegtilkomst vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er ingen registreringar innanfor eller nyare registreringar i nærleiken av innspelet. Generelt vil endring frå LNF til bustad vera negativt for naturmangfald. Arealet er stort og konsekvensen er difor større. | -- |
| **Kulturminne** og kulturmiljø | Ingen registrerte kulturminne eller eldre bygg/SEFRAK-registreringar i eller nær området for bustad.<br><br>Ny vegtilkomst går gjennom eit freda kulturminne; busetting-aktivitetsområde frå jernalder (Langhammer, ID: 177675). Det grenser også til eit fjerna kulturminne (ID 177676) beståande av ei kokegrop. | Ingen konsekvens for bustad-føremålet<br><br>Ny vegtilkomst vil medføre at automatisk freda kulturminne må frigjevast. Kuturminnet sin kontekst og heilskap vert øydelagt. | --- |
| **Friluftsliv**<br>Rekreasjonsbruk<br>Strandsone | Registrert regionalt frilufts-område i ei sone kring Kyrkjebakkevegen (svært viktig verdi). Dette er tilgang til større friluftsområde nord og aust for arealet. Dette er nærturterreng til busette i Føresvik. Arealet er utanfor strandsona. | Arealet eller ny tilkomstveg er ikkje i konflikt med registrerte frilufts-interesser. Utviding av bustadfeltet i retning Kyrkjebakkvegen vil ikkje ha vesentleg påverknad eller endre dagens situasjon vil endre opplevinga i området. | 0 |
| **Landskap og grønstruktur**<br>Nærverknad<br>Fjernverknad<br>Strandsone | Arealet er del av landskapstype (NiN); *skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap*.<br>Det er ikkje del av kartfesta kulturlandskap. Arealet er innanfor viktig landskap i Rogaland, Boknafjellet - Kongshamn.<br>Deler av området er beitemark og grasbakke med lite og låg vegetasjon. Det er ingen bratte | Arealet og ny vegtilkomst ligg i nærleiken av eksisterande bustadfelt, og jordbruks-landskap i søraust. Området er delvis kupert og hovudsakleg utan høg vegetasjon. Innspelet heller i hovudsak mot nord, og i bakkant av området stig terrenget mot Boknafjellet. Utbygging i området vil medføre terrenginngrep, og for nær-verknad kan det ha negativ konsekvens. På grunn av bakanfor- | - |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | skrentar innanfor arealet. Terrenget er dels kupert og heller i hovudsak mot nord og aust. Høgaste punktet i området er kring kote +63. Arealet har gode sol- og utsiktsforhold. | liggjande terreng og formar vil fjernverknad vera noko avgrensa. Samstundes er arealet stort, og gir grunnlag for ei større utbygging. | |
| **Klimautslepp** Transportbehov | Ein mindre del av arealet er registrert som karbonrikt areal, skog av høg bonitet (temakart-Rogaland). Det er kort avstand til Føresvik sentrum. Det er ikkje G/S-veg langs vegen til sentrum (Kyrkjebakken). Det er etablert busstopp ved fylkesvegen og i sentrum. | Transport til/frå området vil liten grad vera bilbasert. Området er gunstig lokalisert når det gjeld transport-behov. Området fører til nedbygging av areal definert som karbonrikt areal. | 0 |
| **Barn og unge** Offentlege tenestetilbod | Det er sykkelavstand til sentrum med skule og fritidsaktivitetar (under 5km), og gangavstand (under 1km). Det er kort avstand til etablerte leikeområde, barnehage og skule. | Arealet ligg gunstig til med tilgang til etablerte funksjonar i Føresvik. Det er kort avstand til offentlege tenester. Det bør etablerast snarvegar til sentrumsområdet. | ++ |
| **Universell utforming** og **folkehelse** | Området er dels kupert. Stigning tilkomstvegen er på eit kort delstrekk opp mot 12%. Det vil vera mogleg å bygge bustadtomter med universell utforming, og universell stigning på snarveg til Føresvik. | | 0 |
| **Tettstadutvikling** | Arealet ligg tett på sentrum Føresvik, og delvis i tilknyting til eksisterande bustadfelt. Arealet bygger oppunder Føresvik som sentrum. | | +++ |
| **Næringsliv** og sysselsetting | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte** og berekraft | Arealet er i tråd med desse satsingsområda for kommunen:<br>• Styrkje Føresvik som sentrum<br>• Tilgang til naturen<br>• Disponere areal som fremjar etableringslyst | | |

| ROS-analyse<br>Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko | | | |
|---|---|---|---|
| Naturfare | | | |
| Skred | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Områda er ikkje registrert som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Områda ligg over marin grense. | | |
| Flaum | Liv og helse<br>3B | Ytre Miljø<br>3A | Mat. verdiar/samfunn<br>3C |
| | Områda er ikkje registrert som utsett for flaum. Det er ingen terrengmessige lågpunkt i området. Det går ein bekk midt i bustadområdet, samt mindre bekkar i nordvest og søraust. Bekken midt i har skapt problem for eksisterande busetnad nedstraums bustadområdet. Dette er omtala m.a. i stadanalyse Føresvik 2023. Endring av bekken vil kunne ha verknad for eksisterande busetnad. Ny vegløysing må krysse bekk der deler ligg ope. Dette er noko som framtidig regulering må ta hand om. | | |
| Stormflo /havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Ligg ikkje ved sjø. | | |
| Menneske og verksemdbaserte farar | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | 2B | 2A | 2A |
| | Kyrkjebakken: Ingen trafikkulykke ved avkøyring mot Kongshamn. To ulykke langs vegen (1992 og 2015). Ikkje fortau eller G/S-veg. Smal vegbreidde, ca. 4m dekke. Fartsgrense 50 km/t. | | |
| Støy | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje utsett for vegstøy, ref. støyvarslingskart Statens vegvesen. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Det er ikkje høgspentlinje i eller nærområdet | | |
| Innsatstid og kapasitet for naudetatane | Nærmaste brannstasjon er ved Føresvik.<br>Området er del av Haugaland Brann og Redning IKS sitt dekningsområde. | | |
| Usikkerheit | Avbøtande tiltak | | |
| Eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere om arealet er eigna på KPA nivået. | I plansak må desse forholda avklarast og dokumenterast<br>• Handtering av overflatevatn og flaum for areal nedstraums<br>• Val av vegtilkomst med utgangspunkt i trafikktryggleik | | |

Samla vurdering/tilråding:

| Naturressursar | Naturmangfald | Kulturminne og kulturmiljø | Friluftsliv | Landskap | Klimautslepp | Barn og unge | Universell utforming og folkehelse | Tettstadutvikling | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| --/--- | -- | --- | 0 | - | 0 | ++ | 0 | +++ | x |

Bustadarealet er stort, i overkant av 50 dekar, og gir grunnlag for større og langsiktig utbygging. Tilkomst til området er utfordrande. Ein har valt å regulere framtidig vegtrase frå Kyrkjebakken då det vil kunne løyse ut større deler av feltet samt eventuelle bustadområde nord for innspelet. Det er ei stor og tung investering å etablere ny tilkomstveg, m.a. på grunn av trong for frigjering av kulturminne. I plansamanheng vil ein kunne sjå på moglegheiter for delutbygging basert på eksisterande infrastruktur aust for bustadinnspelet.
På grunn av at innspelet omfattar naturområde og storleik av det har det ein del negative verknadar; naturressursar, naturmangfald og landskap. I tillegg vil ny vegtilkomst innebere frigjering av kulturminne. Arealet ligg tett på Føresvik sentrum noko som er positivt for tettstadutvikling, samt barn og unge.

Administrativ tilråding: Positiv tilråding.
Reguleringsplan for området må løyse vegtilkomst til området, frigjering av kulturminne, samt overvatn og bekkekryssing før det kan realiserast.

Politisk vedtak: Kommuneplanutvalet sluttar seg til administrasjonen si tilråding

## 4.7 Innspel #41, Bustadområde Føresvik

| Skildring av arealendringa: | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF-område |   |
| **Planlagt arealbruk**<br>Kommunalt innspel om bustadføremål i tilknyting til eksisterande bustadfelt. Det er tankar om å kunne bygge seniortilpassa einingar i området.<br><br>Areala er ei utviding av Føresvik mot vest. Arealet gir grunnlag for nye bustadtomter tett på sentrum med skule, barnehage og andre funksjonar. Det gir også potensielt grunnlag for vegutløysing til regulert bustadfelt i Sæbøstølane.<br><br>Det er etablert veg, vatn- og avløp i nærleiken som nytt felt kan kople seg til. Tilkomst til området kan løysast via Lyngvegen i nordaust eller via Boknatunvegen frå sør eller ny vegtilkomst i samband med innspel #18,22,40. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | Ca. 24,7 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet grenser til bustadtomter i aust og sør, og naturområde i vest og nord. Høgaste punktet innanfor arealet er kote 52-4, i nordvest. Areala i søraust er ned mot kote 30. Terrenget heller mot søraust. |

| Konsekvens-utgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar**<br>Jordbruk og skogbruk<br>Mineralressursar<br>Marine ressursar | Arealet er klassifisert som myr og open fastmark. Store deler er ikkje tresett og er grunnlendt. Ingen skogsressursar i området. Ikkje del av kjerneområde landbruk. Ingen mineral-, pukk- eller grusførekomstar på arealet. | Det er liten landbruksverdi av arealet. Potensiale for nydyrking på arealet er lågt då det er grunnlendt forhold. Arealet grenser inn innmarksbeite i vest og sør. | 0 |
| **Naturmangfald** på land, i sjø og vassdragsnatur | Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ingen innanfor eller nærmaste nærleik<br>Markslag: Ope fastmark og myr.<br>Vassdrag: Registrerte bekkeløp innanfor arealet. Ingen elv eller vatn. | Etablering av bustad med infrastruktur vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område inkl. myr som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er ingen registreringar innanfor eller nyare registreringar i nærleiken av innspelet. Generelt vil endring frå LNF til bustad vera negativt for naturmangfald. | - |
| **Kulturminne** og kulturmiljø | Ingen registrerte kulturminne eller eldre bygg/SEFRAK-registreringar i eller nær området. | Ingen konsekvens | 0 |
| **Friluftsliv**<br>Rekreasjonsbruk<br>Strandsone | Ikkje registrert regionalt frilufts-område på arealet, men det er tursti ut til Kongshamn gjennom området. Kongshamn er eit større friluftsområde nord for arealet. | Arealet er ikkje i konflikt med registrerte friluftsområde, men tursti vert potensielt råka. Ny utbygging tettare på turstien enn dagens situasjon vil endre opplevinga i | -/-- |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Dette er nærturterreng til busette i Føresvik. Hovudstien til området går lengre nord enn innspelet. Arealet er utanfor strandsona. | området. Reguleringsplan må finne erstatningsareal for turstien. | |
| **Landskap og grønstruktur**<br>Nærverknad<br>Fjernverknad<br>Strandsone | Arealet er del av landskapstype (NiN); *skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap*.<br>Det er ikkje del av kartfesta kulturlandskap. Arealet er innanfor viktig landskap i Rogaland, Boknafjellet - Kongshamn.<br>Store deler av området er utan høg vegetasjon. Det er ingen bratte skrentar innanfor arealet. Terrenget heller i hovudsak mot søraust. Høgaste punktet i området er kring kote +52-4 og lågaste ca. kote +30. Arealet har gode solforhold og utsikt. | Areal tett på eksisterande bustadfelt. Området er utan høg vegetasjon, og såleis sårbart for nye tiltak. Innspelet hellar i hovudsak mot søraust, og i bakkant av området stig terrenget mot Boknafjellet. Utbygging i området vil medføre terrenginngrep, og for nærverknad kan det ha negativ konsekvens. På grunn av bakanfor-liggjande terreng og formar vil fjernverknad vera noko avgrensa. | -/-- |
| **Klimautslepp**<br>Transportbehov | Arealet er registrert som karbonrikt areal, myr (temakart-Rogaland).<br>Det er kort avstand til Føresvik sentrum. Det er etablert busstopp ved fylkesvegen og i sentrum. | Transport til/frå området vil i liten grad vera bilbasert. Området er gunstig lokalisert når det gjeld transportbehov. Området fører til nedbygging av areal definert som karbonrikt areal. | - |
| **Barn og unge**<br>Offentlege tenestetilbod | Det er sykkelavstand til sentrum (under 5km), og gangavstand (under 1km).<br>Det er kort avstand til etablerte leikeområde, barnehage og skule. | Arealet ligg gunstig til med tilgang til etablerte funksjonar i Føresvik. Det er kort avstand til offentlege tenester. Det bør etablerast snarvegar til sentrumsområdet. | ++ |
| **Universell utforming** og **folkehelse** | Det er over 12-14 meter høgdeforskjell innanfor arealet. Stigning på vegar vil avhenge av kva vegtilkomst som vert aktuelt. Det vil vera mogleg å bygge bustadtomter med universell utforming, og universell stigning på veg/snarveg til Føresvik. | | 0 |
| **Tettstadutvikling** | Arealet ligg tett på sentrum Føresvik, og delvis i tilknyting til eksisterande bustadfelt. Arealet bygger oppunder Føresvik som sentrum. | | +++ |
| **Næringsliv** og sysselsetting | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte** og berekraft | Arealet er i tråd med desse satsingsområda for kommunen:<br>• Styrkje Føresvik som sentrum<br>• Tilgang til naturen<br>• Disponere areal som fremjar etableringslyst | | |

| ROS-analyse<br>Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko | | | |
|---|---|---|---|
| Naturfare | | | |
| Skred | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje registrert som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Området ligg over marin grense. | | |
| Flaum | Liv og helse<br>3B | Ytre Miljø<br>3A | Mat. verdiar/samfunn<br>3C |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Området er ikkje registrert som utsett for flaum. Det er ingen terrengmessige lågpunkt i området. Det er registrerte bekkar vest for innspelet. Dette er omtala m.a. i stadanalyse Føresvik 2023. Dette er noko som framtidig regulering må ta hand om. | | |
| Stormflo /havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Ligg ikkje ved sjø. | | |
| Menneske og verksemdbaserte farar | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse<br>2B | Ytre Miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2A |
| | Ingen registrert trafikkulykke langs Lyngvegen eller Boknatunvegen. Tilkomst vil vera gjennom etablert bustadområde/skuleområde eller alternativt via framtidig vegtilkomst frå nytt bustadfelt i sør. Kva tilkomstveg som er best eigna, avkøyring til området og trafikktryggleik må avklarast i reguleringsplan. | | |
| Støy | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje utsett frå vegstøy, ref. støyvarslingskart Statens vegvesen. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse<br>2B | Ytre Miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2A |
| | Det er ei høgspentlinje som går i nordre del av innspelsområdet. Denne må leggast om, elles vil nordleg del av planområdet ikkje vera eigna som byggeland (sikringssone) eller som leikeplass/uteopphaldsareal. | | |
| Innsatstid og kapasitet for naudetatane | Nærmaste brannstasjon er ved Føresvik. Området er del av Haugaland Brann og Redning IKS sitt dekningsområde. | | |
| Usikkerheit | Avbøtande tiltak | | |
| Eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere om arealet er eigna på KPA nivået. | I plansak må:<br>• Handtering av overflatevatn avklarast<br>• Avklare trafikktryggleik langs Lyngvegen/Boknatunvegen el. framtidig vegtilkomst i sør<br>• Sikre ingen utbygging under/nær høgspent eller at den vert lagt om/lagt i bakken | | |

Samla vurdering/tilråding:

| Naturressursar | Naturmangfald | Kulturminne og kulturmiljø | Friluftsliv | Landskap | Klimautslepp | Barn og unge | Universell utforming og folkehelse | Tettstadutvikling | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 | - | 0 | -/-- | -/-- | - | ++ | 0 | +++ | x |

Kommunen har tankar om å kunne bygge seniortilpassa einingar på delar av området. Arealet ligg tett på sentrum og funksjonar og tenester.
På grunn av at innspelet omfattar naturområde har det ein nokre negative verknadar; naturmangfald, klimautslepp, friluftsliv og landskap. Arealet ligg tett på Føresvik sentrum, noko som er positivt for tettstadutvikling, samt barn og unge.

Administrativ tilråding: Positiv tilråding med hovudvekt på lett tilgjengeleg bustadområde for m.a. seniortilpassa einingar. Reguleringsplan må løyse omlegging av tursti og høgspent. Innspelet bør justerast med omsyn til landskap og terreng i reguleringsplan.

Politisk vedtak: Kommuneplanutvalet sluttar seg til administrasjonen si tilråding

## 4.8 Innspel #23, Bustadområde Føresvik

<table>
<tr><td colspan="2">Skildring av arealendringa:</td></tr>
<tr><td>Gjeldande arealbruk<br>LNF-område og kjerneområde landbruk</td><td rowspan="2">
</td></tr>
<tr><td>Planlagt arealbruk<br>Privat innspel om bustadføremål. Areala er ei utviding av eksisterande bustadfelt. Arealet gir grunnlag for ei mindre utviding tett på sentrum med skule, barnehage og andre funksjonar.<br><br>Det er etablert veg, vatn- og avløp i nærleiken som nye tomter kan kople seg til. Tilkomst til området er via Kyrkjebakken og kommunal samt privat veg.</td></tr>
<tr><td>Arealstorleik planlagt arealbruk</td><td>Ca. 6 daa</td></tr>
<tr><td>Skildring av området</td><td>Arealet er i dag eit skogkledd areal på nordenden av ein åsrygg. Det er etablert 9 bueiningar sør for arealet, samt 1 ubygd frådelt tomt. Nye tomter må etablerast på åsryggen då det er bratt terreng mot aust og dels mot nord. Arealet grenser mot jordbruksareal i vest og dels nord.</td></tr>
</table>

| Konsekvens-utgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar**<br>Jordbruk og skogbruk<br>Mineralressursar<br>Marine ressursar | Arealet består av skog, lauvskog av særs høg bonitet. Jorddekt grunnforhold. Del av kjerne-område landbruk. Avgrensa skogsressursar i området. Ingen mineral-, pukk- eller grusførekomstar på arealet. | Nedbygging av skogsområde, ca. 6 daa. Skogbruksressursane er avgrensa og det er ikkje plantefelt. På verknad av kjerneområde landbruk er ingen då det ikkje vil skape barriere eller hinder for bruk av eksisterande innmark. Potensiale for nydyrking på arealet er ingen. | 0/- |
| **Naturmangfald** på land, i sjø og vassdragsnatur | Naturtypar: Ikkje registrert<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ingen innanfor. Åkerrikse er registrert i nærområdet (truleg knytt til jordbruksareala).<br>Markslag: Lauvskog<br>Vassdrag: ingen registrerte bekkeløp elv eller vatn innanfor arealet. | Etablering av bustad med infrastruktur vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er ingen registreringar innanfor eller nyare registreringar i nærleiken av innspelet. Generelt vil endring frå LNF til bustad vera negativt for naturmangfald. Arealet er lite og konsekvensen er difor avgrensa. | - |
| **Kulturminne** og kulturmiljø | Ingen registrerte kulturminne eller eldre bygg/SEFRAK-registreringar i eller nær området. Eit kulturminne på grasbakkane aust for arealet. Ingen direkte kopling til arealet. | Ingen konsekvens | 0 |
| **Friluftsliv**<br>Rekreasjonsbruk<br>Strandsone | Ikkje registrert regionale eller lokale friluftsområde på arealet. Det er registreringar i nærområdet (nærturterreng og skule/ idretts- | Arealet er ikkje i konflikt med registrerte friluftsinteresser. Ny utbygging tettare på registrerte verdiar i nærområdet vil ha liten | 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | park). Arealet er utanfor strand-sona. | innverknad på bruk eller opplevinga i området. | |
| **Landskap og grønstruktur**<br>Nærverknad<br>Fjernverknad<br>Strandsone | Arealet er del av landskapstype (NiN); *skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap*.<br>Det er ikkje del av kartfesta kulturlandskap. Arealet grenser i nord/ nordaust til viktig landskap i Rogaland, Boknafjellet - Kongshamn.<br>Store deler av området er skogkledd. Det er bratte skrentar mot aust og dels nord. Terrenget heller i hovudsak mot aust og nord. Arealet er på ein kolle der høgaste punktet i innspelsområdet er kring kote +61. Arealet har gode solforhold og utsikt. | Arealet ligg i nærleiken av eksisterande bustadfelt på ein skogkledd kolle. Det er jordbrukslandskap og bustadar i kring arealet. Innspelet heller i hovudsak mot aust, og i bakkant av området stig terrenget mot Boknafjellet. Det er bratt terreng på deler av området. Utbygging i området vil medføre terrenginngrep, og for nærverknad kan det ha negativ konsekvens. På grunn av bakanforliggjande terreng og formar vil fjernverknad vera noko avgrensa. Arealet gir grunnlag for få nye tomtar, men terrenget er utfordrande og kan medføre større terrenginngrep. | --/- |
| **Klimautslepp**<br>Transportbehov | Arealet er registrert som karbonrikt areal, skog av særs høg bonitet (temakart-Rogaland).<br>Det er kort avstand til Føresvik sentrum. Det er ikkje G/S-veg langs vegen til sentrum (Kyrkjebakken). Det er etablert busstopp ved fylkesvegen og i sentrum. | Transport til/frå området vil liten grad vera bilbasert. Området er gunstig lokalisert når det gjeld transport-behov. Området fører til nedbygging av areal definert som karbonrikt areal, men omfang og høgde på vegetasjonen er avgrensa. | 0 |
| **Barn og unge**<br>Offentlege tenestetilbod | Det er sykkelavstand til sentrum (under 5km), og gangavstand (under 1km). Det er kort avstand til etablerte leikeområde, barnehage og skule. | Arealet ligg gunstig til med tilgang til etablerte funksjonar i Føresvik. Det er kort avstand til offentlege tenester. Det bør etablerast snarvegar til sentrumsområdet. | ++ |
| **Universell utforming** og **folkehelse** | Deler av området er bratt. Det vil vera utfordrande å bygge bustadtomter med universell utforming utan større terrenginngrep, og universell stigning på veg/snarveg til Føresvik. | | 0 |
| **Tettstadutvikling** | Arealet ligg tett på sentrum Føresvik, og delvis i tilknyting til eksisterande bustadfelt. Arealet bygger oppunder Føresvik som sentrum. | | +++ |
| **Næringsliv** og sysselsetting | Ikkje relevant. | | |
| **Samfunnsnytte** og berekraft | Arealet er i tråd med desse satsingsområda for kommunen:<br>• Styrkje Føresvik som sentrum<br>• Tilgang til naturen<br>• Disponere areal som fremjar etableringslyst | | |

| ROS-analyse<br>Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko | | | |
|---|---|---|---|
| Naturfare | | | |
| Skred | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje registrert som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Området ligg over marin grense. | | |
| Flaum | Liv og helse<br>3A | Ytre Miljø<br>3A | Mat. verdiar/samfunn<br>3A |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Området er ikkje registrert som utsett for flaum. Det er ingen terrengmessige lågpunkt i området. Det er registrerte bekkar i nord for innspelet. Dette er noko som framtidig regulering må ta hand om. | | |
| Stormflo /havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Ligg ikkje ved sjø. | | |
| Menneske og verksemdbaserte farar | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse 2B | Ytre Miljø 2A | Mat. verdiar/samfunn 2A |
| | Kyrkjebakken, fylkesveg: Ingen trafikkulykke ved avkøyring mot Kongshamn. To ulykke langs vegen (1992 og 2015). Ikkje fortau eller G/S-veg. Smal vegbreidde, ca. 4m dekke. Fartsgrense 50 km/t. | | |
| Støy | Liv og helse 4A | Ytre miljø 4A | Mat. verdiar/samfunn 4A |
| | Området er ikkje utsett frå vegstøy, ref. støyvarslingskart Statens vegvesen. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse 4A | Ytre miljø 4A | Mat. verdiar/samfunn 4A |
| | Det er ikkje høgspentlinje i eller nærområdet | | |
| Innsatstid og kapasitet for naudetatane | Nærmaste brannstasjon er ved Føresvik. Området er del av Haugaland Brann og Redning IKS sitt dekningsområde. | | |
| Usikkerheit | Avbøtande tiltak | | |
| Eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere om arealet er eigna på KPA nivået. | I plansak/byggesak må:<br>• Trafikktryggleik sikrast | | |

Samla vurdering/tilråding:

| Naturressursar | Naturmangfald | Kulturminne og kulturmiljø | Friluftsliv | Landskap | Klimautslepp | Barn og unge | Universell utforming og folkehelse | Tettstadutvikling | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0/- | - | 0 | 0 | --/- | 0 | ++ | 0 | +++ | x |

Innspelet er i eit terreng som er utfordrande og som gir grunnlag for mindre utbygging.

På grunn av at innspelet omfattar naturområde, men er av mindre omfang har det avgrensa negative verknadar. Arealet ligg tett på Føresvik sentrum noko som er positivt for tettstadutvikling, samt barn og unge.

Administrativ tilråding: Positiv tilråding med hovudvekt på at det er lagt til rette for infrastruktur og grunnarbeid i området.

Innspelet må justerast med omsyn til landskap og terreng, sjå forslag til justering i kart.
I tillegg, inkluder areal sør for innspelet som omfattar eksisterande bygde/frådelte tomter, 3stk.. Desse er i gjeldande plan regulert til LNF, men er politisk vedteke frådelte og bygd.



Politisk vedtak: Kommuneplanutvalet sluttar seg til administrasjonen si tilråding

## 4.9 Innspel #27, Bustad-/ næringsområde Sæbø

| Skildring av arealendringa: | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF-område og kjerneområde landbruk (H510_4)<br><br>Areala nærmast Føresvikvegen er regulert i Føresvik Sør (2015) til samferdselsføremål og LNF. |  |
| **Planlagt arealbruk**<br>Innspelet omfattar tre areal, der to av dei er i tidleg fase av planarbeidet sila ut. Privat innspel om sentrumsutvikling på gnr. 9/2 til bustad- og næringsføremål aust for Føresvikvegen for sentrumsnær bubil-parkering, hytteutleige, samt bustad. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | Ca. 18,7 daa |
| **Skildring av området** | Arealet ligg på austsida av Føresvikvegen like sør for Føresvik sentrum. Det er kort avstand til sentrumsfunksjonar. I dag er store deler av området aktivt nytta jordbruksareal. Arealet grenser i nord, sør og aust til jordbruksareal.<br>Arealet for å skape aktivitet og moglegheiter for å etablere attraktive areal for turistføremål, samt moglegheiter for å frådele nokre bustadtomter. |

| Konsekvens-utgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar**<br>Jordbruk og skogbruk<br>Mineralressursar<br>Marine ressursar | Heile arealet er registrert som jordbruksareal, fulldyrka mark og innmarksbeite. Jorddekte areal og ikkje tungbrukt. Verdisett i Nibio: stor og middels verdi (3 og 2). Arealet er del av kjerneområde landbruk. Ingen skogs-ressursar i området. Ingen mineral-, pukk- eller grusførekomstar på arealet. | Det er stor landbruksverdi av arealet, særleg arealet som er fulldyrka jord. Innspelet medfører omdisponering av totalt 10,3 daa fulldyrka mark og 7,3 daa innmarksareal. Areala er utleigd til bruk med aktiv drift. Arealet grensar til andre innmarksområde, og splittar samanhengande jordbruks-areal. | --- |
| **Naturmangfald** på land, i sjø og vassdragsnatur | Naturtypar: Ingen registrering<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ingen innanfor.<br>Markslag: fulldyrka mark og innmarksbeite<br>Vassdrag: ingen registrerte bekkeløp elv eller vatn innanfor arealet. | Etablering av næring/bustad med infrastruktur vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er ingen registreringar innanfor eller nyare registreringar i nærleiken av innspelet. Generelt vil endring frå LNF til utbyggingsføremål vera negativt for naturmangfald, men store deler av arealet er maskinelt hausta og har mindre mangfald. Konsekvensen er difor avgrensa. | - |
| **Kulturminne** og kulturmiljø | Det er registrert eit kulturminne knytt til busetting- og aktivitetsområde frå jernalder midt på området, Sæbø (id 158990). Dette er fjerna i 2012. | Sidan kulturminnet ikkje er freda (funna er fjerna) har ikkje arealet konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. | 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Det er nokre SEFRAK-registreringar sør for arealet, ingen av desse er eldre bygningar (A). | | |
| **Friluftsliv**<br>Rekreasjonsbruk<br>Strandsone | Det er ikkje registrert regionale eller lokale friluftsområde på arealet. Ein mindre del av arealet i aust ligg i strandsona, men utanfor funksjonell strandsone. Arealet er innmarksareal. | Arealet er ikkje i konflikt med registrerte friluftsinteresser. Arealet er i dag innmark, noko som avgrensar området sitt bruksområde til friluftsliv. Deler er innanfor 100-metersbeltet mot sjø. | 0/- |
| **Landskap og grønstruktur**<br>Nærverknad<br>Fjernverknad<br>Strandsone | Arealet er del av landskapstype (NiN); *skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap*.<br>Det er ikkje del av kartfesta kulturlandskap eller viktig landskap i Rogaland.<br>Området er graskledd og ope. Areal lengst vest er relativt flate, medan areal i aust stig opp mot Sæbøhaugen (33 moh). Terrenget heller slakt mot nord. Arealet har gode solforhold og utsikt. | Arealet ligg i nærleiken av eksisterande busetnad på vestsida av Føresvikvegen og gardbruk i sør. Arealet er eksponert langs fylkes-vegen, og det er innsyn til området frå lengre avstand. Det er jordbruks-landskap kring arealet, samt næringsareal på sjøsida av arealet. Utbygging i området vil medføre mindre terrenginngrep, og for nærverknad kan det ha negativ konsekvens. På grunn av bakanfor-liggjande terreng og busetnad vil fjernverknad vera noko avgrensa. | -/-- |
| **Klimautslepp**<br>Transportbehov | Arealet er ikkje registrert som karbonrikt areal (temakart-Rogaland). Det er kort avstand til Føresvik sentrum med fortau. Innspelet kan medføre noko auka trafikkmengd. Det er etablert busstopp ved skulen og i sentrum. | Transport til/frå området vil liten grad vera bilbasert. Området er gunstig lokalisert når det gjeld transport-behov. | 0 |
| **Barn og unge** | Det er sykkelavstand til sentrum med skule og fritidsaktivitetar (under 5km), og gangavstand (under 1km). Det er kort avstand til etablerte leikeområde, barnehage og skule. | Arealet ligg gunstig til med tilgang til etablerte funksjonar i Føresvik. Det er kort avstand til offentlege tenester.<br>Blanding av turisme og fastbuande kan gi synergieffektar, men også potensiale for samlokaliserings-konflikt. | ++ |
| **Universell utforming** og **folkehelse** | Store deler av området er flatt, og det er mogleg å gjennomføre utbygging med ein universell profil. | | 0 |
| **Tettstadutvikling** | Arealet ligg tett på sentrum i Føresvik, og delvis i tilknyting til eksisterande bustadfelt. Arealet bygger oppunder Føresvik som sentrum. | | +++ |
| **Næringsliv** og sysselsetting | Arealet gir grunnlag for etablering av turistanlegg tett på sentrumsfunksjonar, og attraktive bustadar. Plassering av turistanlegg vil kunne gi positive ringverknadar for funksjonar i Føresvik sentrum. | | ++ |
| **Samfunnsnytte** og berekraft | Arealet er i tråd med desse satsingsområda for kommunen:<br>• Styrkje Føresvik som sentrum<br>• Tilgang til naturen<br>• Disponere areal som fremjar etableringslyst<br>• Marknadsføring av kommunen<br>• Styrka lokalt næringsliv og auka verdiskaping (turisme) | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| ROS-analyse<br>Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko | | | |
| Naturfare | | | |
| Skred | Liv og helse | Ytre miljø | Mat. verdiar/samfunn |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | 4A | 4A | 4A |
| | Området er ikkje registrert som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse<br>3C | Ytre Miljø<br>3B | Mat. verdiar/samfunn<br>3C |
| | Store deler av området ligg under marin grense, med unntak av Sæbøhaugen. Potensiale for kvikkleire må avklarast. | | |
| Flaum | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Områda er ikkje registrert som utsett for flaum. Det er ingen terrengmessige lågpunkt i området. | | |
| Stormflo /havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Ligg ikkje ved sjø. | | |
| Menneske og verksemdbaserte farar | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse<br>2B | Ytre Miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2A |
| | Ingen trafikkulykke langs fylkesvegen ved arealet. Føresvikvegen er nyleg oppgradert med fortau og god vegbreidde. Fartsgrense 40 og 50 km/t. Innspelet medfører noko auka trafikkmengd og dermed noko auka potensiale for ulykke. Det er ikkje regulert overgang over fylkesvegen. Avkøyring til området og trafikktryggleik må avklarast i reguleringsplan. | | |
| Støy | Liv og helse<br>3B | Ytre Miljø<br>3A | Mat. verdiar/samfunn<br>3A |
| | Deler av området nærmast Føresvikvegen er utsett frå vegstøy, ref. støyvarslingskart Statens vegvesen. Gul støysone. Næringsdelen av innspelet er ikkje tyngre industri, men turistnæring. Det er ingen bustadar tett på areala. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Det er ikkje høgspentlinje i eller nærområdet | | |
| Innsatstid og kapasitet for naudetatane | Nærmaste brannstasjon er ved Føresvik. Området er del av Haugaland Brann og Redning IKS sitt dekningsområde. | | |
| Usikkerheit | Avbøtande tiltak | | |
| Eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere om arealet er eigna på KPA nivået. | I plansak må:<br>• Kartlegging av grunnforhold for å sikre stabil byggegrunn<br>• Trafikktryggleik langs Førevikvegen, og vurdere avkøyring og gangfelt | | |

Samla vurdering/tilråding:

| Naturressursar | Naturmangfald | Kulturminne og kulturmiljø | Friluftsliv | Landskap | Klimautslepp | Barn og unge | Universell utforming og folkehelse | Tettstadutvikling | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| --- | - | 0 | 0/- | -/-- | 0 | ++ | 0 | +++ | ++ |
| Innspelet er eit større areal tett på Føresvik sentrum. Innspelet er knytt til bustad og næring knytt til turisme. Arealet ligg i område med store jordbruksinteresser og verdiar, elles er verdiane avgrensa. | | | | | | | | | |
| Administrativ tilråding: Negativ tilråding med hovudvekt på jordbruksomsyn | | | | | | | | | |
| Politisk vedtak: Kommuneplanutvalet sluttar seg til administrasjonen si tilråding | | | | | | | | | |

## 4.10 Innspel #32, Friområde Boknabergvatnet

| Skildring av arealendringa: | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF-føremål<br>Kjerneområde landbruk (H510_4)<br><br>Areala nærmaste Føresvikvegen er regulert i reguleringsplan Føresvik-vegen FV890 (2013). Føremål LNF, anna veggrunn og parkering, samt faresone høgspent. |  |
| **Planlagt arealbruk**<br>Innspel frå Bokn tomteselskap om omdisponering frå LNF-føremål til friområde. Friområdet er eit område ope og tilgjengeleg for ålmenta. Det er ønskjeleg å etablere parkeringsplass, natursti og eit større område for rekreasjon og parsellhagebruk. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | Ca. 34 daa |
| **Skildring av området** | Området ligg ned til Boknabergvatnet sør for Føresvik. Innspelet grenser til Føresvikvegen i aust og Lodavegen i sør. Det inkluderer eksisterande gardsbygningar. |

| Konsekvens-utgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar**<br>Jordbruk og skogbruk<br>Mineralressursar<br>Marine ressursar | Deler av arealet i nord registrert som innmarksbeite (grunnlendt). Verdisett i Nibio: noko verdi (1). Arealet er del av kjerneområde landbruk. Neset i nord er skog (barskog impediment) og areala lengst i sør er skog (lauvskog med høg bonitet og grunnlendt grunnforhold). Det er ikkje planteskog på område. Ingen mineral, pukk eller grusføre-komstar på arealet. | Det er landbruksverdi på deler av arealet og gardsbygningar er inkludert i arealet. Innspelet medfører omdisponering av totalt 6,6 daa fulldyrka mark og 12 daa innmarksbeite. Areala er utleigd til bruk med aktiv drift, og det er god tilstand på areala. Arealet grensar i nord til innmarksområde. Innspelet splittar ikkje samanhengande jord-bruksareal. Ein del av innspelet er knytt til parsellhagebruk, noko som inneber at gardsbygg og del av innmarka skal vidareførast og ikkje omdisponerast. Utforming må avklarast i reguleringsplan. | -- |
| **Naturmangfald** på land, i sjø og vassdragsnatur | Naturtypar: Ingen registrering<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ingen innanfor, men mange i tilknyting til Boknabergvatnet.<br>Markslag: skog og innmarksbeite<br>Vassdrag: arealet grenser til Boknabergvatnet. | Etablering av friområde inkludert parkering og stiar vil medføre arealbeslag, og delvis nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Innspelet ligg ned til Boknabergvatnet. Det er ingen registreringar innanfor. Generelt vil endring frå LNF til friområde vera negativt for naturmangfald då dette vil fremje arealbeslag, men også meir og aktiv bruk av og i området (forstyrring). | - |



ABO PLAN & ARKITEKTUR

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Kulturminne** og kulturmiljø | Ingen registrerte kulturminne eller eldre bygg/SEFRAK-registreringar i eller nær området. | Ingen konsekvens | 0 |
| **Friluftsliv** Rekreasjonsbruk Strandsone | Boknabergvatnet er registrert som viktig friluftsområde (strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag). Området er i dag ikkje tilrettelagt. Deler av arealet er innmarksareal. Heile arealet er innanfor 50-metersbeltet mot vassdrag. | Innspelet omfattar areal til friområde og dermed betre og meir tilrettelegging for bruk av friluftsområdet. Deler av arealet er i dag innmark noko som avgrensar området sitt bruksområde. | ++ |
| **Landskap og grønstruktur** Nærverknad Fjernverknad Strandsone | Arealet er del av landskapstype (NiN); *skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap*. Det er ikkje del av kartfesta kulturlandskap eller viktig landskap i Rogaland. Deler av området er graskledd og ope, og deler består av skog/ kratt. Terrenget heller slakt mot vatnet. Arealet har gode solforhold. | Arealet ligg tett på fylkesveg og nokre bustadar i nord. På austsida av Føresvikvegen er det avsett areal til bustadføremål i gjeldande kommune-plan. Arealet er dels eksponert langs fylkesvegen, men det er avgrensa innsyn til området då det ligg i eit dalsøkk. Opparbeiding av friområdet vil medføre noko terrenginngrep. For nærverknad kan det ha noko negativ konsekvens, men det er avgrensa. På grunn av terreng er fjernverknad avgrensa. | 0/- |
| **Klimautslepp** Transportbehov | Deler av arealet er registrert som karbonrikt areal, skog (temakart-Rogaland). Det er kort avstand til Føresvik sentrum og det er fortau like nord for innspelet. Innspelet areal kan medføre noko auka trafikkmengd. Det er etablert busstopp ved Føresvikvegen/E39. | Transport til/frå området vil til ein viss grad vera bilbasert. Området er gunstig lokalisert når det gjeld transportbehov. | 0 |
| **Barn og unge** | Det er sykkelavstand til sentrum (under 5km), men ikkje gangavstand (under 1km). | Arealet ligg gunstig til med tilgang til etablerte funksjonar og busetnad i Føresvik, Alvestad. Friområdet vil kunne tilby nye funksjonar og bruksområde som er positivt for barn og unge. | ++ |
| **Universell utforming** og **folkehelse** | Store deler av området er flatt, og det er mogleg å gjennomføre utbygging med ein universell profil. Parsellhage og aktivitetar ved vatnet vil fremje folkehelse. | | + |
| **Tettstadutvikling** | Arealet ligg relativt tett på sentrum Føresvik. Arealet bygger delvis oppunder Føresvik som sentrum. | | + |
| **Næringsliv** og sysselsetting | Ikkje relevant | | |
| **Samfunnsnytte** og berekraft | Arealet er i tråd med desse satsingsområda for kommunen:<br>• Styrkje Føresvik som sentrum<br>• Skape gode møteplassar<br>• Tilgang til naturen<br>• Disponere areal som fremjar etableringslyst | | |

| ROS-analyse<br>Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko | | | |
|---|---|---|---|
| Naturfare | | | |
| Skred | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Området er ikkje registrert som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Området ligg over marin grense. | | |
| Flaum | Liv og helse 3B | Ytre Miljø 3A | Mat. verdiar/samfunn 3C |
| | Områda nærmast Boknabergvatnet er registrert som utsett for flaum. Tiltak må plasserast over flaumsone kring vatnet. | | |
| Stormflo /havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Ligg ikkje ved sjø. | | |
| Menneske og verksemdbaserte farar | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse 2B | Ytre Miljø 2A | Mat. verdiar/samfunn 2A |
| | Det er registrert to trafikkulykker langs fylkesvegen ved arealet (1992 og 2004). Føresvikvegen nord for innspelet er nyleg oppgradert med fortau og god vegbreidde. Fartsgrense forbi innspelsområdet er 50 og 80 km/t. Innspelet medfører noko auka trafikkmengd og dermed noko auka potensiale for ulykker. Det er ikkje regulert overgang over fylkesvegen. Avkøyring til området og trafikktryggleik må avklarast i reguleringsplan. | | |
| Støy | Liv og helse 3B | Ytre Miljø 3A | Mat. verdiar/samfunn 3A |
| | Deler av området nærmast Føresvikvegen er utsett for vegstøy, ref. støyvarslingskart Statens vegvesen. Gul støysone. Det er ikkje lagt opp til varig opphald innanfor arealet. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse 2A | Ytre Miljø 2A | Mat. verdiar/samfunn 2A |
| | Det går ei høgspentlinje lengst sør i arealet. Det er ikkje lagt opp til varig opphald innanfor arealet. | | |
| Innsatstid og kapasitet for naudetatane | Nærmaste brannstasjon er ved Føresvik. Området er del av Haugaland Brann og Redning IKS sitt dekningsområde. | | |
| Usikkerheit | Avbøtande tiltak | | |
| Eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere om arealet er eigna på KPA nivået. | I plansak/byggesak må:<br>• Sikre at nye tiltak ikkje er utsett for flaum kring vatnet, ref. TEK17.<br>• Trafikktryggleik for avkøyring til Føresvikvegen, og ev. gangfelt og GS-veg fram til området (alternativt gangveg i terreng) | | |

Samla vurdering/tilråding:

| Naturressursar | Naturmangfald | Kulturminne og kulturmiljø | Friluftsliv | Landskap | Klimautslepp | Barn og unge | Universell utforming og folkehelse | Tettstadutvikling | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| -- | - | 0 | ++ | 0/- | 0 | ++ | + | + | x |

Innspelet er tilrettelegging av friområde med parkering, rekreasjonsareal og parsellhage ved Boknabergsvatnet. Arealendringa medfører omdisponering av noko jordbruksareal, og aktivitet/tiltak ved vatn. Dette har noko negativ konsekvens. Ein del av innspelet er knytt til parsellhage og verknad for jordbruk er uavklart. For friluftsliv, barn og unge, samt tettstadutvikling har innspelet positiv verknad.

Administrativ tilråding: Positiv tilråding
Området er godt eigna som friområde med tilgjenge til vatn, parsellhagebruk og relativt kort avstand til bustadfelt og sentrum.

Politisk vedtak: Kommuneplanutvalet sluttar seg til administrasjonen si tilråding

## 4.11 Innspel #26, Næringsområde Trosnavåg

| Skildring av arealendringa: | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF-område og bevaring naturmiljø (H560_10)<br>Deler er regulert i reguleringsplan; Delar av gnr./bnr. 23/1, veg og kai Trosnavåg (2017). |  |
| **Planlagt arealbruk**<br>Privat innspel om næringsføremål. Ønskje om å utvide eksisterande settefiskanlegg Trosnavåg. Eksisterande tilkomstveg, vatn og avløp vil verta teke i bruk til nye areal.<br>Innspelet omfattar to areal:<br>1) aust for eksisterande anlegg<br>2) nordvest for eksisterande anlegg. Ved dagens kai. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | Samla ca. 50 daa |
| **Skildring av området** | Arealet ligg på nordsida av Trosnavågen og i tilknyting til eksisterande næringsetablering, settefiskanlegget til Grieg Seafood. Areala er for å kunne utvide akvakulturverksemda i området. Det er trong for store areal for å utvikle drifta og dette vil, som også dagens anlegg gjer, prege området. Det er få eller lite anna busetnad nær areala, berre nokre naust på sørsida av vågen. |

| Konsekvens-utgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar**<br>Jordbruk og skogbruk<br>Mineralressursar<br>Marine ressursar | Arealet i vest er registrert som open fastmark og myr. Arealet i aust er registrert som skog (barskog av høg bonitet) og open fastmark. I hovudsak grunnlendt grunnforhold. Ikkje del av kjerneområde landbruk. Ingen mineral-, pukk- eller grusførekomstar på arealet. | Det er liten landbruksverdi av areala. Potensiale for nydyrking på arealet er ingen då det er grunnlendt forhold, og areala grenser ikkje til andre jordbruksareal. | 0 |
| **Naturmangfald** på land, i sjø og vassdragsnatur | Naturtypar: Ingen registrering i aust. Store deler av arealet i vest er registrert som kystlynghei, høg verdi (A). Kystlynghei er registrert som utvalt naturtype.<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ingen innanfor. I sjøområdet utanfor er det registrert tare og tang observasjonar.<br>Markslag: myr og skog, samt open fastmark.<br>Vassdrag: ingen registrerte bekkeløp elv eller vatn innanfor arealet. | Etablering av næringsområde med infrastruktur vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Arealet i nordvest ligg i strandsona. Tiltak i sjø og nærmaste strandsone er avklart i godkjent reguleringsplan. Store deler av arealet i dette området er kartfesta som kystlynghei og myrområde. Området består av lyng, einer og lågtveksande bartre. Desse føre-komstane vil verta øydelagt. Arealet i aust er i hovudsak skog (planteskog og naturskog). Generelt vil endring frå LNF til næring vera negativt for naturmangfald. Areala er samla stort, | --/--- |


PLAN & ARKITEKTUR

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | og medfører fjerning av registrerte verdiar. Konsekvensen er difor høg. | |
| **Kulturminne** og kulturmiljø | Ingen registrerte kulturminne eller eldre bygg/SEFRAK-registreringar i eller nær området. | Ingen konsekvens | 0 |
| **Friluftsliv**<br>Rekreasjonsbruk<br>Strandsone | Ikkje registrert regionale eller lokale friluftsområde på arealet. Arealet ligg i strandsona, men har noko avgrensa tilgang for ålmenta då det vert drive næringsverksemd her. | Arealet er ikkje i konflikt med registrerte friluftsinteresser. Arealet er i strandsona og nye tiltak vil medverke til auke hinder for bruk og ferdsel i området. | -- |
| **Landskap og grønstruktur**<br>Nærverknad<br>Fjernverknad<br>Strandsone | Arealet er del av landskapstype (NiN); *middels eksponerte ytre kystslettelandskap med bratte åser, restfjell, klipper og stup*.<br>Det er ikkje del av kartfesta kulturlandskap. Sørsida av vågen er registrert i nasjonal registrering av kulturlandskap (Trosnavåg, middels verdi).<br>Området er kupert og det er dels bratt terreng mot sjøen i vest og mot dagens anlegg i aust. Området er prega av dagens settefiskanlegg. | Areala ligg tett på eksisterande settefiskanlegg og området er prega av næringsverksemd med høge bygg og skjeringar. Areala medfører store terrenginngrep og gir grunnlag for utvida dominans av næring i området. Registrert kulturlandskap på sørsida av vågen vil få endra oppleving av nærområdet. Nærverknaden vil vera stor. Pga. bakanforliggjande terreng og terrengformar vil fjernverknad vera noko avgrensa. Arealet ligg i strandsona. | --/--- |
| **Klimautslepp**<br>Transportbehov | Deler av areala er registrert som karbonrikt areal, myr og skogområde (temakart-Rogaland). Det er lengre avstand til Føresvik sentrum og E39, men innspela er knytt til eksisterande verksemd. Utvida areal kan medføre noko auka trafikkmengd. Det er etablert busstopp ved Grønestadvegen aust for areala. | Transport til/frå området vil i hovudsak vera bilbasert. Området er mindre gunstig lokalisert når det gjeld transportbehov. Areala medfører nedbygging av areal registrert til å vera karbonrikt. | - |
| **Barn og unge** | Ikkje relevant | | |
| **Universell utforming** og **folkehelse** | Det vil vera utfordrande utan større terrenginngrep å bygge næringsområdet med universell utforming. | | -/0 |
| **Tettstadutvikling** | Arealet er lengre unna sentrum Føresvik. Arealet bygger ikkje oppunder Føresvik som sentrum. | | 0 |
| **Næringsliv** og sysselsetting | Arealet gir grunnlag for eit større utbygging og utviding av næringsområde med følgjande sysselsetting. Grieg Seafood og Trosnavåg settefiskanlegg er ein betydeleg arbeidsplass i kommunen, samt gir ringverknadar utover kommunen sine grenser. | | +++ |
| **Samfunnsnytte** og berekraft | Arealet er i tråd med desse satsingsområda for kommunen:<br>• Nytte naturressursane til næringsutvikling | | |

| ROS-analyse<br>Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko | | | |
|---|---|---|---|
| Naturfare | | | |
| Skred | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Områda er ikkje registrert som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse<br>3C | Ytre Miljø<br>3B | Mat. verdiar/samfunn<br>3C |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Områda ligg under marin grense. Områda vil verta masseutskifta. | | |
| Flaum | Liv og helse<br>3B | Ytre Miljø<br>3A | Mat. verdiar/samfunn<br>3C |
| | Områda er ikkje registrert som utsett for flaum, men det er aktsemdområde knytt til elv frå Gunnarstadvatnet i nærleiken av arealet i aust. Det er ingen terrengmessige lågpunkt i området, men fleire avrenningslinje frå bekk/myr i områda. Desse forholda er noko som framtidig regulering må ta hand om. | | |
| Stormflo /havnivåstigning | Liv og helse<br>2B | Ytre Miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2B |
| | Deler av arealet nærmast sjøen ligg innanfor 200 års flaum (år 2050 og 2090). Sikkerheitsklasse 2 (TEK17) med klimapåslag syner framskriving av havnivå på 185 cm over NN2000. Dette må sikrast i plan | | |
| Menneske og verksemdbaserte farar | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse<br>2B | Ytre Miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2A |
| | Ingen trafikkulykke ved avkøyring. Ei ulykke langs Grønnestadvegen (2017). Grønnestadvegen: Ikkje fortau eller G/S-veg langs. Varierande vegbreidde, ca. 3,2-4,8m dekke. Fartsgrense 80 km/t. | | |
| Støy | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Området er ikkje utsett frå vegstøy, ref. støyvarslingskart Statens vegvesen. Næringsområdet vil generere støy frå aktivitet. Det er ingen bustadar tett på areala. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Det er ikkje høgspentlinje i eller i nærområdet | | |
| Innsatstid og kapasitet for naudetatane | Nærmaste brannstasjon er ved Føresvik. Området er del av Haugaland Brann og Redning IKS sitt dekningsområde. | | |
| Usikkerheit | Avbøtande tiltak | | |
| Eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere om arealet er eigna på KPA nivået. | I plansak må:<br>• Gjennomførast flaumkartlegging og sikre at arealet er i tråd med føringar i TEK17.<br>• Handtering av overflatevatn<br>• Sikre høgdenivå på terreng med omsyn til stormflo/havnivåstigning<br>• Trafikktryggleik langs Grønnestadvegen | | |

Samla vurdering/tilråding:

| Naturressursar | Naturmangfald | Kulturminne og kulturmiljø | Friluftsliv | Landskap | Klimautslepp | Barn og unge | Universell utforming og folkehelse | Tettstadutvikling | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 | --/--- | 0 | -- | --/--- | - | X | -/0 | 0 | +++ |
| Innspelet er to større næringsareal i tilknyting til settefiskanlegget Trosnavåg. Dette er areal som gir anlegget moglegheit for utviding og auka aktivitet. Innspela er i strandsona og i område utan tiltak. Det gir grunnlag for større terrengendringar og nedbygging av verdifull naturmangfald (kystlynghei i vest). | | | | | | | | | |
| Administrativ tilråding: Positiv tilråding med hovudvekt på næringsliv og sysselsetting.<br>Utgreiinga viser store negative verknadar for spesielt natur og landskap då dette er ubygde areal i strandsona med registrerte verdiar. Verksemda på området er ei hjørnesteinsbedrift for Bokn kommune. Administrasjonen ser stor nytte av å legge til rette for utvikling av aktiviteten på området. | | | | | | | | | |
| Politisk vedtak: Kommuneplanutvalet sluttar seg til administrasjonen si tilråding | | | | | | | | | |

## 4.12 Innspel #33, Næringsområde Ognøya

| Skildring av arealendringa: | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>Naust (N2), LNF-spreidd næring (LNFNV1) og LNF-område, samt gul støysone på land. I sjø er arealet regulert til bruk og vern av sjø og vassdrag.<br>**Planlagt arealbruk**<br>Privat innspel om næringsareal. Innspelet er del av eit generasjons-skifte og eit ønskje om å utvide område for spreidd næring og naust i samband med utbetring av hamne-området. Kommuneplanen sine arealføremål stemmer ikkje med faktisk bygd situasjon og tiltak. Dette er m.a. ein del av bakgrunnen for innspelet. Konsekvensutgreiinga omfattar berre areal til næringsføremål. |  |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | Ca. 6,2 daa |
| **Skildring av området** | Innspelet er del av etablert næringsareal ved sjø og hamneområde for båtplassar. Store deler av området er planert og tilrettelagt for verksemder. Transportverksemda Ognøysjefen er etablert her (båttaxi og dykkarverksemd). Det er eksisterande avkøyring frå E39 nord for innspelet. |

| **Konsekvens-utgreiing** | **Verdi** | **Konsekvens** | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar**<br>Jordbruk og skogbruk<br>Mineralressursar<br>Marine ressursar | Deler av innspelet er areal i sjø. Heile arealet på land er registrert som ope fastmark (grunnlendt og ikkje tresett), samt samferdsel-linje. Ingen mineral-, pukk- eller grusførekomstar på arealet.<br><br>Fiskeplassar – aktive reiskap: Ikkje registrert<br>Fiskeplassar – passive reiskap: Ikkje registrert<br>Låssettingsplass: Ikkje registrert<br>Gyteområde: Ikkje registrert<br>Gytefelt torsk: Registrert, Bokn til Førresfjorden. Regionalt viktig.<br>Oppvekstområde/beiteområde: Ikkje registrert<br>Haustefelt for tare: Ikkje registrert<br>Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert | Området er ikkje i direkte konflikt med registrerte jordbruks-, skogbruks- eller fiskeriinteresser, med unntak av mindre overlapp med gytefelt for torsk. Endringa av kommuneplanen, og faktisk bygd situasjon er av liten skala. | - |
| **Naturmangfald** på land, i sjø og vassdragsnatur | Naturtypar: Ingen registrering<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ingen innanfor.<br>Markslag: ope fastmark og sjø | Etablering av næring med infrastruk-tur vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er ingen registreringar innanfor eller nyare registreringar i nærleiken | - |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Vassdrag: ingen registrerte bekkeløp, elv eller vatn innanfor arealet. | av innspelet. Areala er i stor grad opparbeidde planerte areal og det er etablert molo. Generelt vil endring frå LNF til utbyggingsføremål vera negativt for naturmangfald. | |
| **Kulturminne** og kulturmiljø | Ingen registrerte kulturminne eller eldre bygg/SEFRAK-registreringar i eller nær området. | Ingen konsekvens | 0 |
| **Friluftsliv**<br>Rekreasjonsbruk<br>Strandsone | Innspelet overlappar med eit registrert regionalt frilufts-område; Ognøy som er eit område med særleg kvalitet. Deler av arealet ligg nærmare enn 500 meter frå sjønært friluftsområde (Ognahabn). Heile innspelet ligg i strandsona. Funksjonell strand-sone er ikkje kartlagt i området. | Arealet er i konflikt med registrerte friluftsinteresser. Arealet er i dag eit privat område nytta i nærings-samanheng. Arealet ligg i 100-metersbeltet mot sjø. Utvida bruk av området kan redusere kvalitetane i friluftsområdet, samt redusere strandsoneverdiane og ålmenta si tilgjenge. | -/-- |
| **Landskap og grønstruktur**<br>Nærverknad<br>Fjernverknad<br>Strandsone | Arealet er del av landskapstype (NiN); *skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap*.<br>Det er del av kartfesta viktig landskap i Rogaland, Boknaflæet. Det er ikkje del av kartfesta kulturlandskap.<br>Området er ope og eksponert mot sjøen, og dels synleg frå E39. Store deler er opparbeida og planerte areal. Terrenget stig bratt opp mot E39. | Arealet omfattar eksisterande tiltak med sjøbod, planerte areal og hamneanlegg med to moloanlegg. Arealet er eksponert mot sjø og dels E39. Det er noko avgrensa innsyn til området frå lengre avstand. Utvikling av området vil medføre noko terrenginngrep sjølv om store deler er opparbeida. For nærverknad kan det ha negativ konsekvens. På grunn av bakanforliggjande terreng vil fjern-verknad vera noko avgrensa. | -- |
| **Klimautslepp**<br>Transportbehov | Arealet er ikkje registrert som karbonrikt areal (temakart-Rogaland). Det er om lag 9 km køyreavstand til Føresvik sentrum, men arealet ligg tett på E39. Innspelet er knytt til eksisterande verksemd. Utvida areal kan medføre noko auka trafikkmengd. Det er etablert busstopp ved E39 like nordaust for innspelet. | Transport til/frå området vil stor grad vera bilbasert. | -/0 |
| **Barn og unge** | Ikkje relevant | | |
| **Universell utforming** og **folkehelse** | Det er bratt tilkomstveg og det vil vera utfordrande utan større terrenginngrep å bygge vegen med universell utforming. På sjølve næringsområde er det potensiale for universell utbygging. | | 0 |
| **Tettstadutvikling** | Arealet er lengre unna sentrum Føresvik. Arealet bygger ikkje oppunder Føresvik som sentrum. | | 0 |
| **Næringsliv** og sysselsetting | Arealet gir grunnlag for utvikling av området utover dagens kommuneplan. Etablerte tiltak vil verta i tråd med overordna plan. | | ++ |
| **Samfunnsnytte** og berekraft | Arealet er i tråd med desse satsingsområda for kommunen:<br>• Nytte naturressursane til næringsutvikling<br>• Disponere areal som fremjar etableringslyst | | |

| ROS-analyse<br>Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko | | | |
|---|---|---|---|
| Naturfare | | | |
| Skred | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Området er ikkje registrert som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse<br>3C | Ytre Miljø<br>3B | Mat. verdiar/samfunn<br>3C |
| | Området ligg under marin grense. Potensiale for kvikkleire må avklarast. | | |
| Flaum | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Områda er ikkje registrert som utsett for flaum. Det er ingen terrengmessige lågpunkt i området. | | |
| Stormflo /havnivåstigning | Liv og helse<br>2B | Ytre Miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2B |
| | Deler av arealet nærmast sjøen ligg innanfor 200 års flaum (år 2050 og 2090). Sikkerheitsklasse 2 (TEK17) med klimapåslag syner framskriving av havnivå på 185 cm over NN2000. Dette må sikrast i plan eller søknad. | | |
| Menneske og verksemdbaserte farar | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse<br>2D | Ytre Miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2B |
| | Registrert to ulykker i avkøyringane til området, ei dødsulykke, samt fleire i nærområdet på E39. E39 har årleg døgn trafikk på 5200 ÅDT. Fartsgrensa er 80 km/t. Innspelet kan medføre auka trafikkmengd og dermed auka potensiale for ulykke. Det er to avkøyringar til området og i vest er det sperrelinje på E39. Trafikk frå sør og til nord må skje frå avkøyring lengst aust. | | |
| Støy | Liv og helse<br>3B | Ytre Miljø<br>3A | Mat. verdiar/samfunn<br>3A |
| | Deler av området nærmast E39 er utsett frå vegstøy, ref. støyvarslingskart Statens vegvesen. Rød og gul støysone. Det er ingen bustadar tett på arealet. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Det er ikkje høgspentlinje i eller nærområdet | | |
| Innsatstid og kapasitet for naudetatane | Nærmaste brannstasjon er ved Føresvik. Området er del av Haugaland Brann og Redning IKS sitt dekningsområde. | | |
| Usikkerheit | Avbøtande tiltak | | |
| Eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere om arealet er eigna på KPA nivået. | I plansak må:<br>• Byggegrunn med omsyn til områdestabilitet må dokumenterast<br>• Utforming av kryssløysing til E39 må sikre akseptabel løysing<br>• Sikre høgdenivå på terreng med omsyn til stormflo/havnivåstigning | | |

Samla vurdering/tilråding:

| **Naturressursar** | **Naturmangfald** | **Kulturminne og kulturmiljø** | **Friluftsliv** | **Landskap** | **Klimautslepp** | **Barn og unge** | **Universell utforming og folkehelse** | **Tettstadutvikling** | **Næringsliv og sysselsetting** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| - | - | 0 | -/-- | -- | -/0 | x | 0 | 0 | ++ |
| Innspelet er ei utviding av etablert næringsverksemd, samt endring frå naust og LNF-spreidd næring til næringsføremål. Det er etablert verksemd her som har ei sjøtilknytt aktivitet. Det er verdiar knytt til friluftsliv og naturressursar i området som vil verta negativt påverka. Landskapet vil også kunne ha ei negativ påverknad ved større utbygging i området. | | | | | | | | | |
| Administrativ tilråding: Negativ tilråding | | | | | | | | | |

| |
|---|
| Tilkomst til området er uakseptabel for auka aktivitet og bruk på området. Så lenge situasjonen er som i dag, med dårleg tilkomst frå E39, vil ein ikkje opne for nye tiltak utover dagens bruk. Dersom E39 vert endra kan ein vurdere utvida bruk. |
| Politisk vedtak: Kommuneplanutvalet sluttar seg til administrasjonen si tilråding |

## 4.13 Innspel #34, LNF-spreidd næring Ognøya

| Skildring av arealendringa: | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF-område, bevaring naturmiljø (H560_1), kjerneområde landbruk (H510_1), faresone ras- og skredfare og støysone | <br> |
| **Planlagt arealbruk**<br>Innspelet er eit privat innspel om å etablere tre utleigehytter og sanitærbygg/lager på gnr. 1/1 Ognøy. Dette skal vera tilleggsnæring til gardsdrifta. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | Ca. 7,6 daa |
| **Skildring av området** | Arealet ligg på austsida av Ognøya 2-300 meter nord for eksisterande gardsbruk. Innspelet er like sør for toppen på Liafjellet (68 moh). Arealet har god utsikt mot Boknafjorden, Ryfylket og mot Karmøy/ Haugesund. Det ligg dels eksponert med intensjon om ei overnattings-oppleving av å vera i og del av naturen. Tilkomst er frå parkering ved gardsbruket og vidare ned til E39. Det vil ikkje vera køyrbar tilkomst til hyttene. Det vil vera nødvendig å etablere privat løysingar for vatn og avløp.<br>Arealet er i dag del av eit innmarksbeite, og innspelshavar planlegg m.a. styre folk med informasjon og stiar og å gjerde inn området slik at samlokalisering, gardsdrift og turisme, ikkje vert eit problem. |

| Konsekvens-utgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar**<br>Jordbruk og skogbruk<br>Mineralressursar<br>Marine ressursar | Innspelet er del av større innmarksbeite, grunnlendt. Verdisett i Nibio: noko verdi (1). Det grenser til område registrert som skog i vest.<br>Arealet er del av kjerneområde landbruk. Ingen mineral-, pukk- eller grusførekomstar på arealet | Området er i direkte konflikt med registrerte jordbruksverdiar. Gards-bruket vil miste om lag 7,6 daa beitemark, samt areal for tilkomst. Arealet er del av eit større aktivt drive beiteområde. Omdisponeringa utgjer ein mindre del av tilgjengeleg areal for gardsbruket. | --/- |
| **Naturmangfald** på land, i sjø og vassdragsnatur | Naturtypar: Området er del av registrert kystlynghei, BN00045288, med svært viktig verdi.<br>Naturvern: Ikkje registrert | Etablering av næring med infrastruk-tur vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Området er registrert som kystlynghei og funksjonsområde for Fjellvåk. | --/--- |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Vilt/funksjonsområde: Fjellvåk registrert i 2020<br>Artar: Ingen innanfor, men fleire artar i skråninga mot E39.<br>Markslag: innmarksbeite<br>Vassdrag: ingen registrerte bekkeløp elv eller vatn innanfor arealet. | Tiltaket vil medføre bygging i område registrert som kystlynghei (skjøtta) og forstyrringar for registrert rovfugl. Aktiviteten vil ha avgrensa støyande verknad. Generelt vil endring frå LNF til utbyggingsføremål vera negativt for naturmangfald. | |
| **Kulturminne** og kulturmiljø | Ingen registrerte kulturminne eller eldre bygg/SEFRAK-registreringar i eller nær området. | Ingen konsekvens | 0 |
| **Friluftsliv**<br>Rekreasjonsbruk<br>Strandsone | Innspelet overlappar med eit registrert regionalt frilufts-område; Ognøy som er eit område med særleg kvalitet. Deler av arealet ligg nærmare enn 500 meter frå sjønært friluftsområde (Ognahabn). Innspelet ligg ikkje i strandsona. | Arealet er i konflikt med registrerte friluftsinteresser. Arealet er i dag eit beiteområde Ny bruk av området kan redusere kvalitetane i frilufts-området, samstundes som intensjonen med innspelet er turisme-anlegg der folk får ta del i og oppleve friluftsområdet. | - |
| **Landskap og grønstruktur**<br>Nærverknad<br>Fjernverknad<br>Strandsone | Arealet er del av landskapstype (NiN); *skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap*.<br>Det er del av kartfesta viktig landskap i Rogaland, Boknaflæet. Det er også del av kartfesta kulturlandskap Ognøy.<br>Området er dels ope og eksponert mot sjøen, og synleg frå E39 i sør. I dag er området beiteområde. Det er ein bratt skrent ned til E39 medan innspelet er etablert på eit relativt flatt område. | Arealet er trekt vekk frå eksisterande bygningar (2-300 m), og vil krevje infrastruktur og tiltak på staden. Innspelshavar er oppteken av skånsam utbygging og at bygningar skal vera estetisk tilpassa området og terreng. Arealet er eksponert mot sjø og dels E39 frå sør. Det er noko avgrensa innsyn til området frå lengre avstand, og tiltaka er relativt småskala. Utvikling av området vil medføre noko terreng-inngrep, sjølv om det ikkje skal vera køyrbar tilkomst. For nærverknad kan det ha negativ konsekvens. På grunn av bakanfor-liggjande terreng vil fjern-verknad vera noko avgrensa. | -- |
| **Klimautslepp**<br>Transportbehov | Arealet er ikkje registrert som karbonrikt areal (temakart-Rogaland). Det er om lag 9 km køyreavstand til Føresvik sentrum, men arealet ligg tett på E39. Innspelet er knytt til gardsbruk. Innspelet vil medføre noko auka trafikkmengd. Det er etablert busstopp ved E39 like søraust for innspelet. | Transport til/frå området vil stor grad vera bilbasert. | - |
| **Barn og unge** | Det er ingen leikeplassar eller funksjonar i nærområdet, men god tilgjenge til naturleik og opplevingar knytt til natur, gardsbruk og beitedyr | Arealet ligg gunstig til med tilgang naturleik. Det er bratt skråning mot E39. Potensiale for samlokaliserings-konflikt beitedyr og turisme. | +/0 |
| **Universell utforming** og **folkehelse** | Det vil vera utfordrande utan større terrenginngrep å etablere universell tilkomst via sti. | | 0 |
| **Tettstadutvikling** | Arealet er lengre unna sentrum i Føresvik. Arealet bygger ikkje oppunder Føresvik som sentrum. | | 0 |

| | | |
|---|---|---|
| **Næringsliv** og sysselsetting | Arealet gir grunnlag for utvikling av overnattingstilbod som ikkje finst i kommunen i dag. Synergieffekt mellom gardsdrift og utleigeverksemd. Konseptet er noko «anna» og vil vera attraktivt for mange brukarar. Det kan medverke til inntekt til gardsbruket og potensielt samarbeid med andre aktørar i kommunen eller nærområdet. | ++ |
| **Samfunnsnytte** og berekraft | Arealet er i tråd med desse satsingsområda for kommunen:<br>• Nytte naturressursane til næringsutvikling<br>• Disponere areal som fremjar etableringslyst<br>• Oppretthalde spreidd busetnad i kommunen<br>• Marknadsføring av kommunen<br>• Styrka lokalt næringsliv og auka verdiskaping (turisme) | |

| ROS-analyse<br>Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko | | | |
|---|---|---|---|
| Naturfare | | | |
| Skred | Liv og helse<br>2B | Ytre miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2A |
| | Området er ikkje registrert som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred, men areal vest for innspelet (skrenten mot E39) er registrert som aktsemdsområde for steinsprang og snøskred. Skrenten må sikrast for fall. | | |
| Kvikkleire | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Området ligg over marin grense. | | |
| Flaum | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Områda er ikkje registrert som utsett for flaum. Det er ingen terrengmessige lågpunkt i området. | | |
| Stormflo /havnivåstigning | Liv og helse | Ytre Miljø | Mat. verdiar/samfunn |
| | Ikkje relevant. Innspelet ligg ikkje ved sjø. | | |
| Menneske og verksemdbaserte farar | | | |
| Trafikktryggleik | Liv og helse<br>2B | Ytre Miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2B |
| | Det er registrert fleire ulykke langs E39, og ei ved krysset til området. E39 har årleg døgntrafikk på 5200 ÅDT. Fartsgrensa er 80 km/t. Innspelet kan medføre noko auka trafikkmengd og dermed noko auka potensiale for ulykker. Kryssløysing til området og trafikktryggleik må avklarast i reguleringsplan. | | |
| Støy | Liv og helse<br>2B | Ytre Miljø<br>2A | Mat. verdiar/samfunn<br>2A |
| | Deler av området nærmast E39 er utsett frå vegstøy, ref. støyvarslingskart Statens vegvesen. Gul støysone. | | |
| Stråling frå høgspent | Liv og helse<br>4A | Ytre miljø<br>4A | Mat. verdiar/samfunn<br>4A |
| | Det er ikkje høgspentlinje i eller nærområdet | | |
| Innsatstid og kapasitet for naudetatane | Nærmaste brannstasjon er ved Føresvik. Området er del av Haugaland Brann og Redning IKS sitt dekningsområde. | | |
| Usikkerheit | Avbøtande tiltak | | |
| Eksisterande kunnskap er tilstrekkeleg for å vurdere om arealet er eigna på KPA nivået. | I plansak/byggesak må:<br>• Sikre skrent mot E39<br>• Kryssløysing til E39 og trafikktryggleik må sikrast<br>• Ingen bygg innafor støysone frå E39 | | |

Samla vurdering/tilråding:

| Naturressursar | Naturmangfald | Kulturminne og kulturmiljø | Friluftsliv | Landskap | Klimautslepp | Barn og unge | Universell utforming og folkehelse | Tettstadutvikling | Næringsliv og sysselsetting |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| --/- | --/--- | 0 | - | -- | - | +/0 | 0 | 0 | ++ |
| Innspelet er eit nytt område for utleigehytter knytt til gardsdrifta. Innspelet er i direkte konflikt med registrerte naturinteresser, innmarksbeite og landskapsregistreringar. Samstundes ligg arealet relativt tett på E39 med omsyn til støy og utsikt. Intensjonen med overnattingsoppleving av å vera i og del av naturen må vurderast i forhold til lokalisering av tiltaka. Innspelet har fleire positive samfunnsverknadar, samt støttar fire av satsingsområda for kommunen. | | | | | | | | | |
| Administrativ tilråding: Positiv tilråding med hovudvekt på samfunnsnytte og at innspelet er knytt til mindre tiltak til gardsbruk. Det må utarbeidast reguleringsplan for arealbruken der m.a. plassering av tiltak med omsyn til terreng og støy frå E39, trafikktryggleik og krav til beitemark og omsyn til naturmangfald må setjast. Ein kan vurdere å regulere arealet til fritid- og turisme med krav om at arealet ikkje vert frådelt i staden for LNF-spreidd næring. | | | | | | | | | |
| Politisk vedtak: Kommuneplanutvalet sluttar seg til administrasjonen si tilråding | | | | | | | | | |

## 4.14 Innspel #39, Næringsområde Knarholmen Sør

| Skildring av arealendringa: | |
|---|---|
| **Gjeldande arealbruk**<br>LNF-område |  |
| **Planlagt arealbruk**<br>Kommunalt innspel om utviding av næringsføremål.<br>Ønskje om å utvide eksisterande næringsføremål for ein framtidig buffer for tilgjengeleg næringsareal i kommunen. Bakgrunnen for arealet er at deler av nærings-føremåla i nord vil verta omdisponert i samband med ny E39-trase, og ein ønskjer erstatningsareal for desse areala. Innspelet går litt ut i sjø for å kunne gi moglegheit for å regulere kaifasilitet i området. Molo er ikkje aktuelt pga. djupe i området. | |
| **Arealstorleik planlagt arealbruk** | Ca. 225 daa |
| **Skildring av området** | Arealet ligg austsida av E39 og sør for Knarholmen næringsområde. Det grenser inn til næringsområde i nord og reguleringsplan i vest mot E39. Arealet vest/nordvest for innspelet er nytta i samband med Rogfast-prosjektet for deponi av massar. Innspelsområdet ligg til sjø og det er få eller ingen annan busetnad nær areala, utanom ein hytteeigedom med traktorvegtilkomst. |

| Konsekvens-utgreiing | Verdi | Konsekvens | |
|---|---|---|---|
| **Naturressursar** Jordbruk og skogbruk Mineralressursar Marine ressursar | Store deler av innspelet er registrert som skog, ope fastmark og myr, samt eit mindre område i nordvest som fulldyrka mark (NIBO verdi middels (2)). Det er barskog med høg bonitet, men grunnlendt. Skogen er estimert til å vera over 65 år gamal. Deler av areala langs sjø er ope fastmark. I nord mot Sponavika er det ei myr på om lag 4 daa som er klassifisert som grunn og middels omdanna øvre lag. Vest i området er det to grunne myrar (2,8 daa og 4,2 daa). Området er ikkje del av kjerneområde landbruk. Ingen mineral-, pukk- eller grusførekomstar på arealet. Sjøområdet legst nord er registrert til fiskeri, fiskeplass for passive reiskap (Boknasundet, aktiv i bruk). I tillegg er heile sjøormådet del av større viktig gytefelt (Bokn til Førresfjorden) | Det er ein liten del med jordbruks-verdi innanfor innspelsarealet (6,3 daa), og skogbruksverdien er avgrensa til uttak av naturskog. Potensiale for nydyrking på innanfor området er registrert på tre mindre og splitta delområde (NIBO). Samla potensial på om lag 18 daa. Arealet grensar ikkje til andre jordbruksareal, utover den teigen som går innanfor arealinnspelet.<br>Deler av sjøarealet som opnar for kai/fylling i sjø er registrert som fiskeplass og gytefelt. Etablering av kai og påfølgjande båttrafikk vil kunne forringe fiskeriinteressene i området. | -- |
| **Naturmangfald** på land, i sjø og vassdragsnatur | Naturtypar: Lengst sørvest er det registrert kystlynghei med viktig verdi (Vatnaland). I sjø er det ein større tareskogførekomst lengst sør (Seiavikane, svært viktig verdi)<br>Naturvern: Ikkje registrert<br>Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert<br>Artar: Ingen innanfor.<br>Markslag: myr og skog, samt ope fastmark.<br>Vassdrag: ingen registrerte bekkeløp elv eller vatn innanfor arealet. | Etablering av næringsområde med infrastruktur vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Arealet går ut i sjø. I hovudsak er området urørt natur, og innspelet medfører at desse habitata vert øydelagt. Arealet medfører ikkje splitting av større samanhengande naturområde (areal nord for innspelet er regulert til næring). Generelt vil endring frå LNF til utbyggingsføremål vera negativt for naturmangfald. Arealet er stort, og medfører fjerning av naturlege habitat og registrerte naturtypar. Konsekvensen er difor høg. | -- |
| **Kulturminne** og kulturmiljø | Det er tre registrerte og automatisk freda kulturminne innanfor arealet:<br>- Gravminne, gravrøys, frå jernalder (Id 53607)<br>- Gravminne, gravrøys, frå Vikingtid (Id 23972)<br>- Gravminne, gravrøys, frå Vikingtid (Id 65438)<br>Samt ein ikkje freda bautasteinslokalitet (Id 23968). Ingen eldre bygg/SEFRAK-registreringar i eller nær området. | Innspelet er i direkte konflikt med tre registrerte freda kulturminnelokalitetar. Innspelet vil potensielt medføre utgraving av kulturminna, og om ikkje utgraving vil miljøet kring kulturminna verta vesentleg endra. | --- |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Friluftsliv**<br>Rekreasjonsbruk<br>Strandsone | Det er ikkje registrert regionale eller lokale friluftsområde på arealet. Det grenser til det regionale friluftsområde Boknasundet. Arealet ligg i strandsona, og det er nokre traktorvegar/stiar til sjøen. Store deler av strandsona er inngrepsfri, men er stadvis bratt og såleis mindre tilgjengeleg frå land. | Arealet er ikkje i konflikt med registrerte friluftsinteresser. Arealet er i strandsona og innspelet vil potensielt vera til hinder for bruk og ferdsel i området. | -- |
| **Landskap og grønstruktur**<br>Nærverknad<br>Fjernverknad<br>Strandsone | Arealet er del av landskapstype (NiN); *skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap*.<br>Det er ikkje del av kartfesta kulturlandskap eller viktige landskap i Rogaland.<br>Området er kupert med ryggar som går nord-sør. Det er dels bratt terreng mot sjøen. Terrenget heller mot aust og sør. Høgaste parti i området er opp mot kote 30. | Innspelet er i dag naturområde og innspelet vil medføre store terrenginngrep. Areal nord for innspelet er regulert til næring, men er ikkje opparbeidd. Det er deponi i samband med prosjekt E39 her i dga. Innspelet gir grunnlag for auka dominans av næringsverksemd i området. Nærverknaden vil vera stor, og det same vil fjernverknaden då arealet ligg eksponert mot sjø. Arealet ligg i strandsona. | ---/-- |
